



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 194 LS

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringer i skatte-, avgifts- og  
tollovgivinga m.m.





DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 194 LS

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringer i skatte-, avgifts-  
og tollavgivinga m.m.



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	5	8.2.3	Nærare om skattefrådrag for deltakarar i NOKUS-selskap med både norske og utanlandske eigarar .....	19
<b>2</b>	<b>Mellombels lågare meirverdiavgiftssats</b> .....	8	8.2.4	Nærare om unntak frå kjeldes katt for NOKUS-selskap med berre norske deltakarar .....	21
<b>3</b>	<b>Avgift på viltlevande marine ressursar – oppmodingsvedtak nr. 554 (2019–2020)</b> .....	9	8.2.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	21
3.1	Innleiing og samandrag .....	9	8.2.6	Iverksetjing .....	22
3.2	Gjeldande rett .....	9	8.3	Overgangsregel til skatteloven § 10-82 .....	22
3.3	Høyringa .....	9			
3.4	Vurderingar og framlegg .....	10			
3.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	11	<b>9</b>	<b>Registrering av britiske avgiftssubjekt i Merverdiavgiftsregisteret</b> .....	23
3.6	Iverksetjing .....	11	9.1	Innleiing og samandrag .....	23
<b>4</b>	<b>Minstefrådrag i pensjonsinntekt</b> .....	12	9.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	23
			9.3	Vurderingar og framlegg .....	24
			9.4	Iverksetjing .....	24
<b>5</b>	<b>Meirverdiavgiftsplikt for akupunktur, naprapati og osteopati</b> .....	13	<b>10</b>	<b>Skatteordning ved erstatning i samband med forbodet mot hald av pelsdyr</b> .....	25
<b>6</b>	<b>Bustadsparing for ungdom: Bruk av sparemidlar</b> .....	14	10.1	Innleiing og samandrag .....	25
6.1	Innleiing og samandrag .....	14	10.2	Gjeldande rett .....	25
6.2	Gjeldande rett .....	14	10.3	Bakgrunn .....	26
6.3	Vurderingar og framlegg .....	14	10.4	Vurderingar og framlegg .....	27
6.4	Administrative og økonomiske følgjer .....	15	10.4.1	Skattefritak .....	27
			10.4.2	Nærare om ei avgrensing av ei ordning med skattefritak på vilkår .....	28
<b>7</b>	<b>Avgift på nye nikotinvarer m.m.</b> .....	16	10.4.3	Skattlegging av dei andre elementa i kompensasjonsordninga .....	29
7.1	Innleiing og samandrag .....	16	10.4.4	Meirverdiavgift .....	29
7.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	16	10.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	29
7.3	Høyringa .....	16	10.6	Iverksetjing .....	30
7.4	Vurderingar og framlegg .....	16			
7.5	Administrative og økonomiske følgjer .....	17	<b>11</b>	<b>Oppheving av ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12</b> .....	31
7.6	Iverksetjing .....	17			
<b>8</b>	<b>Kjeldes katt på renter og royalty m.m. – Tillegg og presiseringar</b> .....	18	<b>12</b>	<b>Endring i folkeregisterloven, kontaktopplysningar for dødsbu</b> .....	32
8.1	Innleiing og samandrag .....	18			
8.2	Avverjing av kjeldes katt for norske deltakarar i NOKUS-selskap .....	18	<b>13</b>	<b>Tilskot ved avbroten permittering – oppmodningsvedtak nr. 761 (2020–2021)</b> .....	33
8.2.1	Gjeldande rett .....	18			
8.2.2	Vurderingar og framlegg .....	19			

14	<b>Endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020</b> .....	34	<b>Forslag til lov om endringer i skatteloven</b> .....	46
15	<b>Omtalesaker</b> .....	35	<b>Forslag til lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven</b> ....	47
15.1	Høyring av framlegg til ny opsjonsskatteordning for selskap i oppstarts- og vekstfasen .....	35	<b>Forslag til lov om endringer i skattebetalingsloven</b> .....	47
15.2	Strategi for å avvikle ordninga med utsett betaling av skatte- og avgiftskrav m.m. ....	36	<b>Forslag til lov om endringer i merverdiavgiftsloven</b> .....	48
15.3	Utsett betaling av frekvensavgift for 2021 og 2022 for Ice .....	37	<b>Forslag til lov om endringer i skatteforvaltningsloven</b> .....	48
15.4	Avgift på forbrenning av avfall .....	38	<b>Forslag til lov om endring i folkeregisterloven</b> .....	49
15.5	CO <sub>2</sub> -avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon m.m. ....	38	<b>Forslag til lov om endringer i lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)</b> .....	49
15.6	Elavgift og fritaket for solkraft .....	38	<b>Forslag til lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020</b> .....	50
15.7	Avgift på alkoholfrie drikkevarer .....	39	<b>Forslag til lov om endringer i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven</b> .....	51
15.8	Eingongsavgift på bular – oppmodingsvedtak nr. 173 (2020–2021) og 785 (2019–2020) ...	40	<b>Forslag til lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven</b> .....	51
15.9	Ordninga med frivillig retting på skatteområdet (skatteamnesti) .....	41	<b>B – Forslag til stortingsvedtak</b> .....	52
16	<b>Opprettingar og presiseringar</b> .....	42	<b>Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift</b> ....	52
16.1	Skatteloven § 4-13 fyrste ledd andre punktum .....	42	<b>Forslag til vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakksvare mv.</b> .....	53
16.2	Lovendringar som følge av endringer i skatteloven § 4-10 .....	42	<b>Forslag til vedtak om avgift på viltlevende marine ressurser</b> .....	54
16.3	Skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav b .....	42		
16.4	Skatteforvaltningsloven § 11-2 fyrste ledd bokstav a .....	42		
16.5	Merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fyrste ledd bokstav g .....	42		
<b>A – Forslag til lovvedtak</b> .....		45		
<b>Forslag til lov om endring i eigedomsskatteleva</b> .....		45		
<b>Forslag til lov om endring i Svalbardskatteloven</b> .....		45		



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# Prop. 194 LS

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

## Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga m.m.

*Tilråding frå Finansdepartementet 11. mai 2021,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2021 foreslår regjeringa følgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har verknad for provenyet for 2021:

- Å forlengje mellombels reduksjon i låg sats for meirverdiavgift til 1. oktober 2021. Pandemien i saman med strenge smitteverntiltak har gjeve kraftig redusert omsetjing for verksemder i reiselivet og persontransporten. Når samfunnet gradvis opnar meir opp, kan forlenging redusert meirverdiavgiftssats gje slike verksemder eit ekstra lyft. Samstundes må dei økonomiske tiltaka vere tilpassa den nye situasjonen, noko som tilseier at òg dette tiltaket vert fasa ut. Tapet av proveny er rekna til om lag 450 mill. kroner netto påløpt og bokført i 2021.
- Å innføre avgift på viltlevande marine ressurser. Dette følgjer opp oppmodingsvedtak nr. 554 (2019–2020), jf. Meld. St. 32 (2018–2019) *Et kvotesystem for økt verdiskaping – En fremtidsrettet fiskerinæring* og tilhøyrande Innst. 243 S (2019–2020). Framlegget inneber ei fiskal særavgift på fyrstehandsomsetjing av viltlevande marine ressurser. Avgift skal betalast med 0,42 pst. av avgiftsgrunnlaget, som er brutto salsbeløp minus sektoravgift som skal betalast til fiskesalslaget. Framlegget vil auke det årlege provenyet med om lag 100 mill. kroner. Ved iverksetjing 1. juli, vil provenyet auke med om lag 50 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført i 2021.
- Å auke satsen for minstefrådraget i pensjon frå 32 til 37 pst. Føremålet er at einslege minstepensjonistar med pensjon som einaste inntekt framleis ikkje skal betale inntektsskatt etter at minste pensjonsnivå vert auka. Provenytapet er rekna til om lag 315 mill. kroner påløpt og 160 mill. kroner bokført i 2021.
- Å vidareføre unntaket frå meirverdiavgift for akupunktur, naprapati og osteopati fram til 1. januar 2022. Ei eventuell lovendring for å autorisere akupunktørar, naprapatar og osteopatar som helsepersonell, vil ikkje kunne verte vedteken innan 1. juli 2021. Tapet av proveny er rekna til om lag 9 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2021.

- Å leggje ein strategi for å avvikle den mellom- belse ordninga med betalingsutsetjing for skattar og avgifter som aukar høvet for fleire til å handtere dei utsette beløpa. Departementet foreslår at ordninga vert fasa ut for alle nye krav frå og med 30. juni 2021. Samstundes foreslår departementet å forskyve oppstart av innbetaling av utsette krav til 31. oktober 2021, og å auke avdragsperioden frå 6 til 12 månader. På usikkert grunnlag anslår departementet at framlegget gjev eit proveny tap på om lag 150 mill. kroner i 2021. Forslaget vil òg kunne føre til at innbetaling av 4,5 mrd. kroner i ordninga vert utsett til 2022. Ei slik forskyving mellom år påverkar ikkje det strukturelle skattenivået, og endrar ikkje skatteinntektene når ein ser 2021 og 2022 samla.

I tillegg gjev utsett innføring av avgift på forbrenning av avfall som følgje av ein uavklart prosess med ESA, eit proveny tap på 120 mill. kroner påløpt og 110 mill. kroner bokført i 2021 samanlikna med saldert budsjett for 2021. Denne endringa og dei nye framlegga i dette reviderte budsjettet vil samla redusere skatte- og avgiftsinn- tektene med om lag 1 mrd. kroner påløpt og knapt 0,9 mrd. kroner bokført i 2021 samanlikna med saldert budsjett for 2021. Av dette er 0,6 mrd. kroner knytt til mellombelse tiltak i handteringa av pandemien. Heilårsverknaden av lettane er vel 0,1 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Endre reglane om bruk av sparemidlar i bustadsparing for ungdom (BSU), slik at midlar på konto for BSU òg kan brukast til å koste på og vedlikehalde eigen bustad
- Innføre avgift på nye nikotinvarer, som e-sigarettar
- Enkelte justeringar av, og tillegg til, reglane om kjeldesatt på renter og royalty m.m., mellom anna for å avverje dobbeltskattlegging for norske NOKUS-deltakarar
- Endre reglane for registrering av britiske avgiftssubjekt i Merverdiavgiftsregisteret. Endringane gjev avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia høve til å registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret utan å nytte representant.
- Fastsetje ein regel om skattefritak på vilkår for erstatning utmåle etter ekspropriasjonserstatningslova i samband med forbodet mot hald av pelsdyr
- Oppheve føresegna i skattebetalingsloven § 16-12 om fullmektigars ansvar

Vidare foreslår regjeringa enkelte endringar som ikkje gjeld skatt og avgift:

- Endring i folkeregisterloven, kontaktopplysningar for dødsbu
- Forlenging av ordninga med tilskot ved avbroten permittering
- Endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020

I tillegg er følgjande saker omtala:

- Høyring av framlegg til ny opsjonsskatteordning for selskap i ein oppstarts- og vekstfase
- CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon m.m.
- Høyring av framlegg om endring i solkraftfritaket i elavgifta
- Avgift på alkoholfrie drikkevarer
- Eingongsavgift på bubilar
- Utsett betaling av frekvensavgift
- Ordninga med frivillig retting på skatteområdet (skatteamnesti)

Det vert òg vist til følgjande saker som er omtalte i kapittel 5 i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett 2021*:

- 350-kronersgrensa for innførsel av varer
- Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 144, 146 og 147 (2020–2021) om mellom anna skattlegging av vindkraft og lokal kompensasjon
- Meirverdiavgiftskompensasjon for private verksemder
- Skattlegging av reiarlag
- Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 658 (2020–2021) om straumutgifter

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i eigedomsskatteleva
- lov om endring i Svalbardskatteloven
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov om tilskudd ved avbrutt permittering
- lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020
- lov om endringar i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringar i skatteloven

- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakksvarer mv.
- vedtak om avgift på villevende marine ressurser

## 2 Mellombels lågare meirverdiavgiftssats

Den låge satsen i meirverdiavgifta er mellombels redusert frå 12 til 6 pst. i perioden frå 1. april 2020 til og med 30. juni 2021, jf. Innst. 3 S (2020–2021). Regjeringa foreslår å forlengje den mellombelse reduksjonen av den låge satsen fram til og med 30. september 2021, sjå framlegg til vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift. Den låge satsen i meirverdiavgifta gjeld for enkelte tenester som persontransport, overnatting, allmennkringkasting og tilgjenge til kino, museum, underhaldningsstader og store idrettsarrangement.

Pandemien i kombinasjon med strenge smitteverntiltak har gjeve kraftig redusert omsetjing og inntening for verksemdar i reiselivet og persontransporten. Den mellombelse reduksjonen i den låge meirverdiavgiftssatsen har til føremål å lette avgiftsbøra under pandemien for desse verksemdene. Ein reduksjon av den låge satsen i meirverdiavgifta kan føre til noko auka etterspørsel etter dei aktuelle tenestene og auka inntening for dei aktuelle verksemdene.

Tiltaket har likevel vore lite målretta ved at verksemdene som har vore hardest ramma av pandemien, har fått minst stønad. Meirverdiavgifta er ei generell avgift på forbruk. Når omsetjinga går ned, går òg meirverdiavgiftsbelastninga til verksemda ned. Verksemdene som har opplevd svikt i etterspørselen eller vore stengde ned, har difor hatt lite nytte av reduksjon i satsen. Når sam-

funnet no gradvis opnar meir opp igjen, vil likevel redusert sats i meirverdiavgifta kunne gje slike verksemdar eit ekstra lyft.

I tida framover vil vi gradvis lette på smitteverntiltaka. Då må òg dei økonomiske tiltaka tilpassast den nye situasjonen. Det tilseier at reduksjonen i den låge meirverdiavgiftssatsen vert fasa ut. Regjeringa foreslår difor at den låge meirverdiavgiftssatsen igjen skal vere 12 pst. frå og med 1. oktober 2021. Føremålet med reduksjonen i den låge satsen er som nemnt å lette avgiftsbøra under pandemien. Å ytterlegare forlengje reduksjonen i den låge satsen når befolkninga er ferdigvaksinert og samfunnet opnar opp igjen, tener ikkje noko føremål.

Departementet anslår at framlegget vil gje eit samla provenytap på om lag 450 mill. kroner påløpt og bokført i 2021. Det er i overslaget teke omsyn til at budsjettpostar på utgiftssida som vert påverka av den låge meirverdiavgiftssatsen, vert justerte slik det er gjort ved tidlegare vedtak om reduksjonar i den låge meirverdiavgiftssatsen. Det gjeld redusert løyving til NRK og reduserte utgifter til meirverdiavgiftskompensasjon for kommunesektoren.

Departementet syner til framlegg til endring i romartal II i Stortingets vedtak om merverdiavgift. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 3 Avgift på viltlevende marine ressursar – oppmodingsvedtak nr. 554 (2019–2020)

### 3.1 Innleiing og samandrag

---

I behandlinga av Meld. St. 32 (2018–2019) *Et kvotesystem for økt verdiskaping – En fremtidsrettet fiskerinæring* og tilhøyrande Innst. 243 S (2019–2020) fatta Stortinget følgjande oppmodingsvedtak nr. 554:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget (så snart som mulig, eventuelt fra 2021) med et forslag om en fiskal avgift på fiskeriene (villfisk) tilsvarende om lag 100 mill. kroner årlig. Det vurderes i den forbindelse om det kan gjøres etter modell av fiskeriforskningsavgiften. Modellen må være forenlig med Norges forpliktelser under EFTA-konvensjonen og EFTA-frihandelsavtaler.»

Som varsla i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* kapittel 17, følgjer regjeringa no opp Stortingets vedtak.

Framlegget har vore på høyring og inneber ei fiskal særavgift på fyrstehandsomsetjing av viltlevende marine ressursar. Avgift skal betalast med 0,42 pst. av avgiftsgrunnlaget, som er brutto salsbeløp minus sektoravgift som skal betalast til fiskesalslaget. Føresegner om pliktar og berekning av avgifta er knytte til fiskesalslagslova. Fiskeridirektoratet har medverka i utgreinga av avgifta.

Framlegget vil auke det årlege provenyet med om lag 100 mill. kroner. Sidan avgifta vert innført 1. juli, vil provenyet i 2021 auke med om lag 50 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført. Resten av heilårsverknaden kjem i 2022.

Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp med framlegget.

Departementet syner til framlegg til vedtak om avgift på viltlevende marine ressursar.

### 3.2 Gjeldande rett

---

Etter fiskesalslagslova skal fyrstehandsomsetjing av viltlevende marine ressursar skje gjennom eller med godkjenning av eit godkjent fiskesalslag. Det

er forbode å omsetje viltlevende marine ressursar i Noreg utanom salslaga. Per januar 2021 er det fem godkjende salslag i Noreg.

Salslaga er eigde av fiskarane, og skal mellom anna tryggje fiskarane oppgjer for fangst. Salslaga er pålagde eit kontrollansvar etter fiskesalslagslova og havressurslova. Salslaga skal kontrollere all fangst som vert landa og omsett innanfor verkeområdet for fiskesalslagslova.

Fiskesalslagslova gjeld norske fartøy med landing i norsk hamn, norske fartøy med landing i utanlandsk hamn, og utanlandske fartøy med landing i norsk hamn. Lova gjeld ikkje fyrstehandsomsetjing av viltlevende marine ressursar som er hausta med utanlandsk fartøy når fangsten vert landa i utanlandsk hamn.

Fiskesalslagslova kapittel 7 har føresegner om reaksjonar ved lovbrøt. Fangst av viltlevende marine ressursar frå utanlandske fartøy i norske farvatn som ikkje vert landa eller omsett i Noreg, inngår ikkje i kontrollansvaret til salslaga.

### 3.3 Høyringa

---

Den 4. februar 2021 sende Skattedirektoratet framlegg om avgift på viltlevende marine ressursar på høyring. Høyringsfristen vart sett til 18. mars 2021. Av til saman 22 mottekne svar hadde 12 høyringsinstansar merknader.

Høyringsframlegget inneber ei fiskal særavgift på fyrstehandsomsetjing av viltlevende marine ressursar hausta av norskregistrert fartøy. Definisjonane i fiskesalslagslova § 2 av viltlevende marine ressursar og fyrstehandsomsetjing skal gjelde tilsvarende for den nye avgifta. Avgiftsgrunnlaget er brutto salsbeløp minus den avgifta som skal betalast til fiskesalslaga etter fiskesalslagslova.

*Havfiskeflåtens organisasjon Fiskebåt, Fiskarlaget Nord, Agder fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, Noregs Fiskarlag, Pelagisk foreining, Sjømatbedriftene og Noregs Kystfiskarlag* er negative til innføring av avgifta. Fleire

av instansane meiner at avgifta òg bør omfatte utanlandske fartøy som landar fangst i Noreg, eller foreslår andre avgrensingar av avgifta.

*Norsk Villfisk*, eit samarbeidsorgan, har uttalt seg på vegner av salslaga. *Norsk Villfisk* har merknader til sjølve innrettinga av avgifta. Merknadene gjeld mellom anna avgifts- og registreringsplikta, endringsmelding, skattleggingsperiode, fristen for rapportering og innbetaling. *Norsk Villfisk* peiker vidare på at for dei tilfella der salslaget ikkje får oppgjør for fyrstehandsomsetjinga, bør salslaga ha eit avgrensa ansvar. Norsk Villfisk meiner òg at avgifta ikkje bør gjelde for fangst som er hausta før iverksetjing av avgifta.

### 3.4 Vurderingar og framlegg

Stortinget har i Innst. 243 S (2019–2020) grunngeve oppmodingsvedtaket med

«at kvotetildeling [likevel] innebærer en betydelig økonomisk mulighet basert på fellesskapets ressurser. Deler av denne gevinsten hentes inn gjennom skattesystemet, og deler gjennom en variert flåtestruktur med aktivitet langs hele kysten. Det er derfor naturlig at de som får disse tildelingene, også bidrar noe mer til fellesskapet. Et slikt forslag er i tråd med forslag fra næringen selv.»

Regjeringa følgjer no opp Stortingets oppmodingsvedtak med eit framlegg om ei fiskal særavgift på viltlevande ressursar.

Salslaga har i høyringa uttrykt bekymring når det gjeld ansvaret dei vil ha om salslaget ikkje får oppgjør for fyrstehandsomsetjinga (til dømes i tilfelle med eigenovertaking eller sal frå kai). Utgangspunktet for andre særavgifter er at den avgiftspliktige er ansvarleg for at korrekt avgift vert betalt til Skatteetaten. Departementet meiner at den nye avgifta bør følgje hovudregelen som gjeld for andre særavgifter.

Fleire høyringsinstansar meiner avgifta òg bør omfatte utanlandske fartøy som landar fangst i Noreg. Ein høyringsinstans støtter dette, men peiker på at avgifta ikkje bør omfatte utanlandske båtar sin fangst fiska i utlandet, sjølv om fangsten vert landa i Noreg. Fiskeridirektoratet og representantar frå salslaga, som har vore involverte i utgreiinga av avgifta, har meint at utanlandske verksemdar bør haldast utanfor. Tilsvarande avgrensing er lagt til grunn for fiskeriforskningsavgifta og produktavgifta. Det kan òg verte utfordrande å krevje inn avgift frå utanlandske fartøy.

Departementet meiner samla at avgifta i fyrste omgang berre bør omfatte norskregistrerte fartøy. Det saklege verkeområdet vil verte vurdert på nytt dersom avgrensinga får negative verknader.

Fleire høyringsinstansar støttar framlegget om at inndregen fangst skal haldast utanfor avgifta. Ein høyringsinstans peiker på at tilsvarande bør gjelde all inndraging av fangst som ikkje kjem av overlagt brot på fiskeriføresegner. Departementet syner til at avgifta ikkje er meint å omfatte fangst som er inndregen etter forskrift om inndraging av fangst m.m. Dette vil omfatte alle tilfelle med inndraging av fangst, uavhengig av om det er overlagt eller ikkje.

Høyringsnotatet drøftar alternative avgrensingar av avgifta, til dømes basert på fartøylengde eller kvotegrunnlag, utan at dette vert foreslått. Enkelte høyringsinstansar er samde i at avgifta vert berekna av all fangst uavhengig av fartøylengde eller kvotegrunnlag, medan andre meiner at det skal vere fleire unntak, til dømes for fartøy som leverer fangst til tilarbeiding på land, og fartøy under 28 meter. Ein høyringsinstans ynskjer unntak for kvoteordninga for ungdom, alternativt at maksimalbeløpet for fiskeordninga for ungdom vert auka tilsvarande. Departementet meiner at ytterlegare unntak frå avgiftsplikt kan bidra til å komplisere avgifta. Ut frå omsynet til forenkling foreslår ein difor ingen fleire unntak frå avgifta. Slike unntak er heller ikkje gjeve i fiskeriforskningsavgifta.

I høyringsnotatet la ein i utgangspunktet opp til månadleg skattleggingsperiode med leveringsfrist den 18. i påfølgjande månad, men oppmoda om innspel frå høyringsinstansane på dette. Salslaga har uttalt at det er mest effektivt om ein kan ha tilsvarande skattleggingsperiode som for dei eksisterande avgiftene salslaga handterer, det vil seie to månader per termin. Dei påpeikte at månadsterminar vil doble arbeidet med å rapportere og betale, og dermed òg doble kostnaden for fiskesalslaga.

Når det gjeld leveringsfrist, er det fleire innspel om at rapportering og betaling den 18. i påfølgjande månad vert i tidlegaste laget. I den samanheng er det nemnt som eit døme at salspris ved omsetjing av fisk til fiskemjølproduksjon vil avhenge av kvalitetsprøvar som vert analyserte i eksternt laboratorium, noko som kan forseinke endeleg prisfastsetjing med 14 dagar. Det er difor ynskjeleg med leveringsfrist den 25. i påfølgjande månad, tilsvarande som for dei eksisterande avgiftene salslaga handterer.

Salslaga har uttalt i møte med Skattedirektoratet at dersom det ikkje er mogleg med skatt-

leggingsperiode på to månader og leveringsfrist den 25. i påfølgjande månaden, er det betre med kvartalsvis skattleggingsperiode og leveringsfrist ein måned og 18 dagar etter utløpet av skattleggingsperioden. Dette vil forenkle arbeidet for salslaga, og redusere behovet for korreksjonar i skattemeldinga etter leveringsfrist.

Departementet meiner at det for denne avgifta ligg føre avgiftstekniske omsyn for å ha kvartalsvis skattleggingsperiode, med leveringsfrist ein måned og 18 dagar etter utløpet av skattleggingsperioden. Dette vil samsvare med avgiftene på trafikktrygdingar og elektrisk kraft. Framlegget skjer ved endring av skatteforvaltningsforskriften.

Fleire høyringsinstansar har kome med innspel på omfang av korrigeringar. Korrigering vert gjort ved prisauke eller prisreduksjon etter fullført oppgjør ved til dømes reklamasjon, etterbetaling der fiskaren mottek bonus frå kjøpar grunna gode eksportprisar, og inndregen fangst.

Skattedirektoratet har fått opplyst at Råfiskelaget har 160 000 leveransar i året, og at det årleg er om lag 1 500 endringar. Det er ikkje uvanleg med reklamasjonar etter dag 18. Reklamasjonar på frosen vare kan skje inntil eitt år etter at fisken er omsett.

Utgangspunktet for særavgiftene er at korrigering etter leveringsfristen krev ei endringsmelding. Fleire høyringsinstansar syner til at rutineane for eksisterande avgifter, inkludert fiskeriforskningsavgifta, er at korreksjonar eller seine setlar automatisk vert rapporterte og betalte på neste termin. Salslaga med fleire meiner det vil verte kompliserande, og gje ein meirkostnad, dersom ein må sende inn ei endringsmelding for korreksjonar.

Departementet syner til at det er ei særskild ordning i avgifta på trafikktrygdingar der endringar av tidlegare terminar vert gjort i inneverande termin. Dette vert gjennomført ved at ein nyttar eigne tilleggs-kodar for tidlegare for lite rapportert avgift og frådrag for tidlegare for mykje rapportert avgift. Desse kodane kan nyttast av dei avgiftspliktige verksemdene dersom det etter fristen for levering av skattemeldinga er endringar i Autosys/TFFAuto som verksemda ikkje har hatt kunnskap om før leveringsfristen.

Det er mogleg å innføre tilsvarande tilleggs-kodar for avgifta på viltlevande marine ressursar, slik at det ikkje er naudsynt med endringsmelding. Det må i tilfelle avgjerast i kva for tilfelle

desse kan nyttast. Sidan det no vert foreslått kvartalsvis skattleggingsperiode med utsett leveringsfrist med ein måned og 18 dagar, reknar departementet med at behovet for korrigeringar etter leveringsfristen er noko mindre, og at desse tilfella kan handterast med endringsmeldingar. Skulle det syne seg at omfanget av korrigeringar etter leveringsfristen er stort, eller at arbeidsbøra for salslaga vert for stor, kan ein seinare innføre dei nemnde tilleggs-kodane.

Salslaga meiner at føresegnene bør vere presise med omsyn til tidspunktet for iverksetjing, og at ein i andre avgifter både nyttar haustedatoen og omsetjingsdatoen. Dei meiner at fangst som er hausta før iverksetjinga, ikkje bør inngå i avgiftsgrunnlaget. Departementet syner til at det i høyringa vart foreslått at avgiftsplikta skal oppstå ved fyrstehandsomsetjinga av viltlevande marine ressursar i samsvar med fiskesalslagslova. Det er difor omsetjingsdatoen som er avgjerande for avgiftsplikt. Dette vil i praksis vere det tidspunktet når slutsetelen er ferdig utfylt og underteikna. For å unngå tvil, vil departementet i særavgiftsforskriften presisere at satsen på omsetjingsdatoen skal leggjast til grunn ved fastsetjing av avgifta. Sidan omsetjingsdatoen er avgjerande for avgiftsplikta, skal det betalast avgift for all fangst som fyrstehandsomsetjast etter iverksetjinga, òg når fangsten er hausta før iverksetjinga.

Det er ikkje motteke merknader til innrettinga av avgifta som tilseier at det ikkje er avgiftsteknisk mogleg å innføre avgifta frå 1. juli i år.

### 3.5 Administrative og økonomiske følgjer

---

Framlegget vil auke det årlege provenyet med om lag 100 mill. kroner. Sidan avgifta vert innført 1. juli, vil provenyet i 2021 auke med om lag 50 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført. Resten av heilårsverknaden kjem i 2022.

Framlegget inneber elles ingen vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar.

### 3.6 Iverksetjing

---

Regjeringa foreslår at vedtaket om avgift på viltlevande marine ressursar tek til å gjelde 1. juli 2021.

## 4 Minstefrådrag i pensjonsinntekt

Regjeringa ynskjer at pensjonistar som har minstenivået i alderspensjonen for einslege og ikkje har andre inntekter, ikkje skal betale skatt. For at dette framleis skal vere tilfellet i 2021 etter at minste pensjonsnivå er auka, må skattereglane for pensjon justerast. Regjeringa foreslår difor å auke satsen for minstefrådraget i pensjonsinntekt frå 32 til 37 pst.

I forliket om 2021-budsjettet vart ein samde om å auke minste pensjonsnivå for einslege med 5 000 kroner frå 1. juli 2021. Ein vart òg samde om å regulere alderspensjonen i folketrygda høgare for alle i 2021, ved at alderspensjonen skal regulere med gjennomsnittet av pris- og lønsvekst, men ikkje høgare enn lønsvekst. Vidare vart det i samband med nysalderinga av 2020-budsjettet semje om ei eingongsutbetaling på 4 000 kroner i 2021 til dei som var einslege minstepensjonistar i 2020. Dette var ikkje meint å ha varig verknad på pensjonsnivået, men ved behandlinga av Dokument 8:53 S (2020–2021) oppmoda Stortinget regjeringa om at beløpet vert vidareført som ein permanent auke, med verknad frå 1. januar 2021 (vedtak 620). Regjeringa vart òg beden om å leggje inn ein kompensasjon i trygdeoppgjæret for 2021 for at trygdeoppgjæret i 2020 vart gjennomført med utgangspunkt i dagens modell for regulering av alderspensjon, og ikkje med gjennomsnittet av løns- og prisvekst (vedtak 619).

Arbeids- og sosialdepartementet har i Prop. 126 S (2020–2021) gjort greie for regjeringa si planlagde oppfølging og lagt fram forslag om tilhøyrande løyvingar på utgiftssida. Desse fem vedtaka om auka pensjon inneber i sum at pensjons-skattereglane for 2021 må justerast dersom minstenivået i alderspensjonen for einslege framleis skal vere skattefritt i 2021. Det er i proposi-

sjonen omtalt at skattereglane for pensjon vil verte vurderte i Revidert nasjonalbudsjett 2021 med sikte på at minstenivået framleis skal vere skattefritt.

Skattereglane for pensjonsinntekt er tilpassa slik at pensjonistar med minstenivået i alderspensjonen for einslege ikkje skal betale inntekts-skatt dersom pensjonen er den einaste inntekta. For å oppnå dette, vert skatten fastsett på ordinær måte, med mellom anna personfrådrag og minste-frådrag, og deretter redusert med eit særskilt skattefrådrag for pensjonistar. Skattefrådraget vert trappa ned med pensjonsinntekta, i to trinn med ulike satsar.

Minstefrådrag vert gjeve i løns-, trygde- og pensjonsinntekt når alminneleg inntekt skal fastsetjast. Frå og med 2005 har det vore eit eige minstefrådrag i pensjonsinntekt. Det utgjer 32 pst. av pensjonsinntekta, med eit maksimalt nivå på 88 700 kroner. Minstefrådraget påverkar innslagspunktet for å betale skatt av pensjon. Etter gjeldande skattereglar er innslagspunktet for å betale skatt av pensjonsinntekt om lag 212 500 kroner.

For å syte for at minstenivået i alderspensjon for einslege vert verande skattefritt, foreslår regjeringa å auke satsen i minstefrådraget i pensjonsinntekt frå 32 pst. til 37 pst. Det vil auke innslagspunktet for å betale skatt av pensjon til om lag 218 700 kroner.

Framlegget vil redusere provenyet med om lag 315 mill. kroner påløpt og 160 mill. kroner bokført i 2021. Departementet legg til grunn at endringa vil ha avgrensa administrative følgjer.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 6-32 fyrste ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

## 5 Meirverdiavgiftsplikt for akupunktur, naprapati og osteopati

Frå 1. januar 2021 vart det innført plikt til å svare meirverdiavgift for omsetjing og formidling av alternativ behandling. For omsetjing og formidling av naprapati og osteopati vart det, i tråd med framlegget om lovendringar i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 9.2, vedteke utsett iverksetjing av endringa til 1. juli 2021. Bakgrunnen for utsetjinga var eit ynskje om å sjå an Helse- og omsorgsdepartementet si vurdering av om naprapatar og osteopatar skal få autorisasjon etter helsepersonelloven § 48 fyrste ledd. Omsetjing og formidling av helsetenester av autorisert helsepersonell er halde utanfor merverdiavgiftsloven. Ein eventuell autorisasjon av naprapatar og osteopatar krev endringar i helsepersonelloven. Ved behandlinga av lovframlegget om meirverdiavgift på omsetjing og formidling av alternativ behandling vedtok Stortinget òg å utsetje iverksetjing av lovendringa for akupunktur fram til 1. oktober 2021.

Helse- og omsorgsdepartementet sende 26. mars 2021 på høyring eit framlegg om å autori-

sere naprapatar og osteopatar etter helsepersonelloven.

Ei eventuell lovendring for akupunktørar, naprapatar og osteopatar vil ikkje kunne verte vedteken innan 1. juli 2021. Regjeringa foreslår difor at unntaket frå meirverdiavgift for akupunktur, naprapati og osteopati vert vidareført fram til 1. januar 2022. Av di det vart lagt opp til at naprapati og osteopati inntil vidare ikkje vert omfatta av avgiftsplikta, vart det ikkje budsjettert med proveny frå omsetjing og formidling av naprapati og osteopati for 2021. Vidareføring av unntaket fram til 1. januar 2022 har difor ikkje provenyverknad for 2021. Provenytapet av å forlengje unntaket for akupunktur til 1. januar 2022 er anslått til om lag 9 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2021.

Departementet syner til framlegg til endring i romartal II i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringar i merverdiavgiftsloven. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 6 Bustadsparing for ungdom: Bruk av sparemidlar

### 6.1 Innleiing og samandrag

---

Regjeringa vil opne for at midlar på konto for bustadsparing for ungdom (BSU) òg kan brukast til å koste på og vedlikehalde eigen bustad. Etter gjeldande reglar kan BSU-midlar berre brukast til å dekkje kostnader til å skaffe seg eigen bustad og betale ned bustadlån.

Etter praksis kan midlane likevel òg brukast til å dekkje kostnader til å føre opp garasje og tilbygg innan fem år etter ervervet av bustaden. Departementet ser ingen god grunn til å skilje mellom slike kostnader og andre kostnader til heving av standarden (påkostingar) og til vedlikehald.

I tillegg inneber reglane som gjeld frå 2021 at dei som allereie eig bustad, ikkje lenger har rett til skattefrådrag for sparing på BSU-konto. Det er då mindre grunn til å avskjere at BSU-midlane vert brukte til påkostingar på og vedlikehald av bustaden. I ein skilde tilfelle vil ein redusere høvet til i det heile å få brukt BSU-midlane, viss ein ikkje tillet at dei vert brukte til påkosting og vedlikehald.

Det er lagt til grunn at den foreslåtte endringa ikkje vil gje vesentlege provenyverknader, og endringa vil ikkje ha vesentlege administrative konsekvensar.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 16-10. Endringa skal ta til å gjelde straks med verknad frå inntektsåret 2021.

### 6.2 Gjeldande rett

---

Reglane om bustadsparing for ungdom (BSU) er fastsette i skatteloven § 16-10. Etter denne føresegna får skattyttarar under 34 år skattefrådrag for innskot på BSU-konto. Med verknad frå inntektsåret 2021 har BSU-ordninga vorte meir målretta mot unge som ikkje eig bustad. Det er no sett som vilkår for skattefrådrag at skattyttaren ikkje eig bustad per 31. desember i det aktuelle inntektsåret.

Det følgjer av skatteloven § 16-10 fyrste ledd at BSU-midlane må brukast til å dekkje kostnader til å skaffe seg eigen bustad. Bruk av midlane til andre føremål vert rekna som kontraktsbrot og

fører til at BSU-frådraga må betalast tilbake. Dette vilkåret er nærare regulert i Finansdepartementets forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven. Det går der fram at det med eigen bustad vert sikta til den bustaden skattyttaren bruker som sin faste bustad. I tillegg til at midlane kan brukast til å dekkje reine ervervskostnader kan dei dekkje kjøpesum for naudsynt tomt, og betaling for naudsynt andel, aksje eller obligasjon. Det same gjeld renter og avdrag på bustadlån eller lån til naudsynt andel, aksje, obligasjon o.l.

Det går vidare klart fram av forskrifta at påkostingar ikkje vert rekna som kostnad til erverv av bustad. Av Skattedirektoratets Skatte-ABC følgjer det at midlane heller ikkje skal brukast til å dekkje vedlikehald av bustaden. Det følgjer òg av lovforarbeida frå då BSU-ordninga vart innført at «Forbedringer (påkøstningar) av egen bolig [ikke] tilfredsstillar [...] kravet til erverv av bolig.», jf. Ot.prp. nr. 35 (1990–91) punkt 27.8.2.6.

Skatteetatens praktisering av BSU-reglane har likevel opna for at skattyttaren kan bruke midlane til å føre opp garasje eller tilbygg knytte til bustaden. Det følgjer av Skatte-ABC at garasjen eller tilbygget må vere erverva til eigen bruk, og at oppføringa må skje i samband med ervervet av bustaden. Tidskravet vert likevel rekna som oppfylt når oppføringa skjer innan fem år etter at bustaden vart erverva.

### 6.3 Vurderingar og framlegg

---

Departementet meiner det gjev liten samanheng i regelverket at BSU-midlane skal kunne brukast til å dekkje kostnader til å føre opp garasje og tilbygg, men ikkje til å vedlikehalde eller koste på bustaden på andre måtar. Departementet syner òg til at det før 2021 var større grunn til å avskjere bruk av midlane til slike føremål, fordi personar som eigde bustad òg kunne halde fram med å spare i BSU med skattefrådrag. No som skattefrådrag ikkje vert gjeve når skattyttaren eig bustad, er det mindre grunn til å avskjere mot at BSU-midlane vert brukte til å koste på og vedlikehalde bustaden.

Å avskjere bruk av BSU-midlar til å koste på og vedlikehalde bustad ville òg ha gjeve uheldige konsekvensar for skattytarar som får bustad utan motyting som arv eller gåve, eller som allereie har betalt ned lånet på bustaden. I slike tilfelle ville høva til å bruke BSU-midlane utan å bryte kontrakten ha vorte reduserte.

Departementet syner vidare til at det i dei fleste tilfella i alle høve vil vere mogleg å bruke lånemidlar til påkostingar og vedlikehald, og så bruke BSU-midlane til å betale ned denne delen av bustadlånet. Det er difor allereie i dag mogleg å bruke midlane indirekte til å dekkje slike kostnader.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at midlar oppsparte i BSU-ordninga kan brukast til å koste på og vedlikehalde eigen bustad. Departementet meiner regelen bør omfatte alle typar påkostingar på og vedlikehald av eigen bustad. Departementet ser ikkje grunn til å vidareføre kravet som i dag gjeld for tilbygg og garasje om at påkostinga eller vedlikehaldet må skje innan fem år etter at bustaden er erverva. Eit slikt vilkår ville kunne gje uheldige konsekvensar og føre til at skattytarar vert behandla ulikt, i tillegg til at slike kostnader som nemnt normalt kan dekkjast ved å bruke lånemidlar.

Gjeldande regel om at BSU-midlane ikkje kan brukast til å koste på og vedlikehalde bustad følgjer av forskrift. Då dette prinsippet òg følgjer av forarbeida til BSU-ordninga, meiner departe-

mentet at den foreslåtte endringa bør skje ved lovendring. Departementet syner òg til at dette er sentral informasjon, som av omsyn til skattytarane bør gå fram av lova.

Departementet syner til framlegg til endringar i skatteloven § 16-10 fyrste ledd. Endringa skal ta til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

Departementet vil gjere naudsynte endringar i forskrift.

#### **6.4 Administrative og økonomiske følger**

---

Bankane har i dag ei utvida rapporteringsplikt for uttak av BSU-midlane. Som del av denne rapporteringsplikta skal det vurderast om sparemidlane vert brukte til eit godkjent føremål, eller om uttaket bryt vilkåra i ordninga. Bankane har difor allereie i dag ansvar for å rapportere om kva midlane er brukte til, og den foreslåtte endringa vil ikkje medføre noka ekstra administrativ bør. Departementet meiner at undersøkingsplikta til bankane ved uttak til påkostingar og vedlikehald likevel bør vere avgrensa, slik at bankane normalt kan leggje påstanden til skattytar om bruk av midlane til grunn.

Departementet legg til grunn at den foreslåtte endringa ikkje vil ha vesentlege provenyverknader.

## 7 Avgift på nye nikotinvarer m.m.

### 7.1 Innleiing og samandrag

Skattedirektoratet sende 2. februar 2021 på høyring framlegg til endringar i avgifta på tobakksvarer mv. og i tollforskriften, jf. Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 10.3. Departementet gjer framlegg om at nye nikotinvarer som til dømes e-sigarettar og nikotinsnus utan tobakk vert avgiftspliktige etter stortingsvedtaket om avgift på tobakksvarer mv.

Reisande til Noreg vil etter endringar i tollforskriften kunne bringe med seg slike nye nikotinvarer innanfor tax free-kvota, så framt dei er lov å innføre etter tobakksskadeloven med forskrifter. I høyringa vart kvota foreslått til 20 milliliter e-væske eller 200 gram andre nikotinvarer. Forenkla fortolling av nye godkjende nikotinvarer og tax free-sal på lufthamn vil som ei naturleg følge av framlegget og verte tillate.

Departementet syner til framlegg til vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakksvarer mv. § 1 fyrste ledd.

### 7.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Noreg har i dag eit forbod i tobakksskadelovgivinga mot innførsel og omsetjing av nye tobakks- og nikotinvarer. Forbodet gjeld til dømes e-sigarettar med nikotin og nikotinsnus utan tobakk. Privatimport av e-sigarettar er tillate etter legemiddelavgivinga på nærare vilkår. Med unntak av e-sigarettar, vert forbodet etter planen oppheva 1. juli 2021 og erstatta med ei godkjenningssordning for nye tobakks- og nikotinvarer. For e-sigarettar må forbodet førebels bestå inntil EUs tobakksdirektiv er gjennomført i Noreg og ei ny registreringsordning tek til å gjelde. Innlemming av tobakksdirektivet i EØS-avtalen er forseinka, men ifølgje Helse- og omsorgsdepartementet er innlemming forventet å kome på plass i løpet av året.

### 7.3 Høyringa

Fleire høyringsinstansar er positive til at nye nikotinvarer vert omfatta av avgifta. Dette gjeld *Folkehelseinstituttet (FHI)*, *Helsedirektoratet*, *Den norske legeforening*, *Landsforeningen for Hjerte og Lungesyke (LHL)*, *Nasjonalforeningen for folkehelsen*, *Philip Morris Norway*, *Tobakksindustriens felleskontor* og *Virke Servicehandel*. *LHL* tilrår ikkje at nye nikotinvarer vert omfatta av tax free-kvota, då dei prinsipielt meiner at tax free-kvoter for tobakks- og nikotinvarer bør avviklast. *Helsedirektoratet* legg til grunn at e-væske er avgrensa innan dei maksimalgrenser som gjeld etter tobakksskadelovgivinga.

*E-sigarett Bedriftenes Bransjeorganisasjon (ESBB)* er negative til framlegget og syner mellom anna til at produkta har mindre skadepotensial enn tradisjonelle tobakksvarer.

Eit fleirtal av høyringsinstansane tilrår ikkje gradert avgift etter nikotinnhald i e-væska. *Helsedirektoratet* legg til grunn at e-væske er avgrensa innan dei maksimalgrenser som gjeld etter tobakksskadelovgivinga.

*Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)*, *Snus-hjem AS* og *Tobakksindustriens Felleskontor* peikar på at oppvarma tobakk bør vere skild ut som ein eigen produktkategori i avgifta.

Fleire av høyringsinstansane meiner høyringa er uklar på om e-væske som ikkje inneheld nikotin, er omfatta av avgifta eller ikkje. *Swedish Match Norge* tek dessutan til orde for at «nikotinposar» er ei meir treffande avgrensing av avgiftsplikta enn nikotinsnus utan tobakk.

### 7.4 Vurderingar og framlegg

Ifølgje Helse- og omsorgsdepartementet har ei rekkje land i EU, mellom andre Finland og Sverige, innført eller vedteke avgift på e-sigarettar. WHO uttalte i mai 2020 at medlemsland i EU vil be Europakommisjonen om å innføre ei sams minsteavgift på e-sigarettar og oppvarma tobakk.

Tre høyringsinstansar stiller spørsmål om oppvarma tobakk ikkje bør vere skild ut i ein eigen

kategori i avgiftsvedtaket. I høyringa synte Skattedirektoratet til at tobakk som vert varma opp slik at dampen vert inhalert som ved røyking, er avgiftspliktig som røyketobakk etter gjeldande reglar. Departementet meiner at det kan vere grunn til òg å skilje ut oppvarma tobakk i ein eigen kategori i avgiftsvedtaket, men ynskjer å vurdere dette meir grundig på noko lengre sikt. Inntil vidare vil difor oppvarma tobakk verte behandla som avgiftspliktig røyketobakk, slik Skattedirektoratet legg til grunn i dag.

Det er berre foreslått avgift på e-væske med nikotin. Grensa for at e-væska ikkje skal ha høgare konsentrasjon av nikotin enn 20 mg/ml væske vil verte presisert i forskrift. Grensa samsvarer med dei maksimalgrensene som gjeld etter tobaksskadelovgivinga.

Eit fleirtal av høyringsinstansane tilrår ikkje gradert avgift etter nikotininnhald i e-væska. Gradering vart heller ikkje direkte foreslått i høyringa, men var noko som det var ynskjeleg med innspel til. I lys av høyringa vil departementet ikkje fastsetje reglar om differensiering av avgifta etter nikotininnhald i e-væska.

Nokre høyringsinstansar har syn på storleiken på tax free-kvota for nye nikotinprodukt eller tek til orde for at desse produkta ikkje bør vere omfatta av kvota. Kvota vart i høyringa foreslått til 200 gram andre nikotinvarer. Det vart lagt til grunn at ein sigarett tilsvare 0,1 milliliter eller 1 gram andre nikotinvarer. Departementet meiner at ei tax free-kvote som òg omfattar nye lovlege nikotinprodukt, er ei naturleg følgje av at produkta vert både lovlege og omfatta av avgifta.

Avgifta på nye nikotinprodukt bør vere tilpassa helseskaden dei kan utgjere. Bruk av nye tobakksfrie nikotinprodukt er antatt å innebere

lågare helserisiko enn bruk av sigarettar med tobakk. Avgifta på e-sigarettar bør dermed vera lågare enn avgifta på sigarettar med tobakk. Departementet legg etter dette til grunn at nivået på avgifta for e-sigarettar bør liggje på om lag 30 pst. av avgifta for tobakksigarettar, berekna ut frå gjennomsnittleg dagleg forbruk. Dette tilseier ei avgift på om lag 4,50 kroner per milliliter. For andre nikotinprodukt er det lagt til grunn at nivået bør liggje på om lag halvparten av nivået for snus. Dette tilseier ei avgift på andre tobakksfrie nikotinprodukt på om lag 425 kroner per kilo.

Departementet ser elles ikkje at høyringa har avdekt noko som skulle tilseie endring av framlegget frå høyringa.

## 7.5 Administrative og økonomiske følger

---

Framlegget inneber ingen vesentlege administrative konsekvensar. Departementet anslår på svært usikkert grunnlag at framlegget vil gje eit årleg proveny på om lag 90 mill. kroner påløpt og 80 mill. kroner bokført. Sidan dagens forbod mot e-sigarettar førebels må bestå inntil EUs tobakksdirektiv er gjennomført i Noreg og ei ny registreringsordning tek til å gjelde, legg departementet til grunn at innføring av avgift på nye nikotinvarer ikkje vil ha verknad for provenyet i 2021.

## 7.6 Iverksetjing

---

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. juli 2021.

## 8 Kjeldes katt på renter og royalty m.m. – Tillegg og presiseringar

### 8.1 Innleiing og samandrag

---

I Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* kapittel 6 foreslo regjeringa å innføre kjeldes katt på renter, royalty og leiebetalingar for visse fysiske eigedelar. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt framlegg og vedtok å innføre ein slik kjeldes katt med verknad frå 1. juli 2021 for kjeldes katt på renter og bruk av eller retten til å bruke immaterielle rettar, og frå 1. oktober 2021 for kjeldes katt på bruk av eller retten til å bruke visse fysiske eigedelar. Departementet syner til Innst. 4 L (2020–2021) kapittel 6. Dei nye reglane om kjeldes katt er nedfelte i skatteloven §§ 2-3 fyrste ledd bokstav i og j, jf. §§ 10-80 til 10-82. Som varsla i proposisjonen, kjem departementet no tilbake med einskilde tillegg og presiseringar til dei vedtekne reglane.

Departementet foreslår ein ny regel om skattefrådrag for NOKUS-deltakarar. Kjeldes katten omfattar òg betalingar til såkalla NOKUS-selskap, det vil seie norsk-kontrollerte aksjeselskap mv. heimehøyrande i lågskattelend jf. skatteloven § 10-60. Norske deltakarar i NOKUS-selskap vert skattlagde i Noreg for sin del av selskapet sitt overskot etter reglane i skatteloven §§ 10-60 flg. For å hindre at inntekt vert skattlagd både etter NOKUS-reglane og etter reglane om kjeldes katt, foreslår regjeringa nye reglar om frådrag i norsk inntektsskatt for slike deltakarar. Etter framlegget til nye reglar skal norske deltakarar i NOKUS-selskap ha rett til frådrag i skatt som vert skriven ut på alminneleg inntekt og trinnskatt. Frådraget skal svare til deltakaren sin del av den kjeldes katten NOKUS-selskapet har betalt. Departementet foreslår òg ein rett til å framføre kjeldes katt som ikkje kjem til frådrag i inntektsåret. Retten til å framføre skal gjelde for dei fem påfølgjande åra. I tillegg vert det foreslått ein avgrensa, subsidiaer rett til å tilbakeføre kjeldes katt i fastsett skatt i det føregåande året. Det vert vist til framlegg om nye §§ 16-70 og 16-71 i skatteloven.

Departementet foreslår òg eit generelt unntak frå kjeldes katteplikt for NOKUS-selskap når alle deltakarane oppfyller vilkåra for NOKUS-skatt-

legging på betalingstidspunktet. Når alle deltakarane i NOKUS-selskapet er underlagde skattlegging på norsk nivå, gjer ikkje omsyna bak kjeldes katten seg gjeldande. Det vert vist til framlegg om endringar i skatteloven § 10-80 andre ledd og § 10-81 andre ledd i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven, og endringar i skattebetalingsloven § 8-1 nytt fjerde ledd og § 8-2 fyrste ledd.

Vidare foreslår departementet ein overgangsregel til føresegna om nærståande i skatteloven § 10-82. I framlegget presiserer ein at vilkåra for å verte rekna som nærståande må vere oppfylte på eller etter verknadstidspunktet for iverksetting av dei nye reglane om kjeldes katt. Det vert vist til framlegg om ny overgangsregel til skatteloven § 10-82 i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### 8.2 Avverjing av kjeldes katt for norske deltakarar i NOKUS-selskap

---

#### 8.2.1 Gjeldande rett

NOKUS-reglane i skatteloven §§ 10-60 flg. skal tryggje investeringsnøytralitet og motverke skattemotiverte etableringar i land med låg skatt. Reglane inneber at norske eigarar vert skattlagde laupande for sin del av overskot i selskap mv. under norsk kontroll i lågskattelend.

Etter skatteloven §§ 10-80 og 10-81 skal selskap mv. som er heimehøyrande i lågskattelend, svare kjeldes katt på betalingar av renter, royalty og leiebetalingar for visse fysiske eigedelar som selskapet mottok frå nærståande selskap heimehøyrande i Noreg. Betalingar frå filialar i Noreg av utanlandske selskap kan òg vere omfatta av kjeldes katten. Det gjeld unntak frå kjeldes katteplikta mellom anna for betalingar til selskap mv. som er reelt etablerte og driv reell økonomisk aktivitet i eit EØS-land. Reglane er vedtekne, men tek fyrst til å gjelde med verknad frå 1. juli 2021 for kjeldes katt på renter og royalty, og frå 1. oktober

2021 for kjeldesatt på leiebetalingar for visse fysiske egedelar.

Reglane om kjeldesatt omfattar òg NOKUS-selskap. I tilfelle der eit NOKUS-selskap mottek kjeldesattepliktige betalingar, skal NOKUS-selskapet betala kjeldesatt. Slike betalingar vil òg inngå som ein del av inntektene i NOKUS-selskapet, og som dei norske eigarane difor vert skattlagde for sin del av. Dette inneber at same inntekt vert ilagd to ulike norske skattar; ein brutto kjeldesatt som NOKUS-selskapet svarer for, og ein nettosatt som vert ilagd dei norske NOKUS-deltakarane på deira del av selskapet sitt overskot.

### 8.2.2 Vurderingar og framlegg

Som varsla i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* kapittel 6 meiner departementet at ein bør innføre reglar som motverkar dobbelt-skattlegging som følgjer av at inntekt vert skattlagd både etter reglane om kjeldesatt på renter og royalty m.m. og etter NOKUS-reglane.

Departementet meiner at ein regel som skal motverke denne dobbeltskattlegginga, bør utformast slik at han i størst mogleg grad stiller dei norske NOKUS-deltakarane som om dei hadde vore unnatekne frå kjeldesatteplikt. Samstundes må det takast administrative omsyn. Hovudføremålet med kjeldesatten er å motverke flytting av overskot. I tillegg skal kjeldesatten motverke at inntekter ikkje vert skattlagde eller vert skattlagde svært lågt. Men for inntekter som er omfatta av NOKUS-reglane, har ein allereie på plass reglar som sikrar desse føremåla: Den laupande NOKUS-skattlegginga sikrar skattlegging med norske skattesatsar, og insentiva til å prise tenestene for høgt føreligg dermed ikkje.

På denne bakgrunnen foreslår departementet at det vert innført to ulike sett av reglar for å avhjelpe dobbeltskattlegginga i desse tilfella. For det fyrste foreslår ein at det vert innført ein regel som gjev norske deltakarar i NOKUS-selskap rett til frådrag i norsk inntektssatt. Frådraget skal svare til deltakaren sin del av kjeldesatten som NOKUS-selskapet har betalt til Noreg i inntektsåret. I tillegg foreslår ein at det vert innført eit generelt unntak frå kjeldesatteplikta for betalingar til selskap der alle deltakarane er omfatta av NOKUS-reglane på betalingstidspunktet. Departementet syner til bakgrunnen for at NOKUS-selskap i utgangspunktet er omfatta av kjeldesatten; med eit fullstendig unntak for slike selskap ville utanlandske deltakarar i NOKUS-selskapet framleis kunne oppnå låg, eller inga, skattlegging av inntekta. Når *alle* deltakarane vert NOKUS-skatt-

lagde, trengst det derimot ikkje ein kjeldesatt i tillegg.

### 8.2.3 Nærare om skattefrådrag for deltakarar i NOKUS-selskap med både norske og utanlandske eigarar

#### *Kven som kan krevje frådrag*

Ein føresetnad for å kunne krevje skattefrådrag etter framlegget er at skattytaren er skattepliktig til Noreg etter NOKUS-reglane, og at NOKUS-selskapet har betalt kjeldesatt. Det avgjerande her er at skattytaren er underlagd NOKUS-reglane. Der er ikkje noko krav om at det er overskot i NOKUS-selskapet i det aktuelle året. Det inneber at i eit tilfelle der NOKUS-selskapet ikkje har eit overskot som vert skattlagt hos deltakarane, kan dei likevel krevje frådrag på grunnlag av kjeldesatt betalt av NOKUS-selskapet. Både personlege og upersonlege skattytarar får rett til å krevje frådrag.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-70 fyrste ledd i skatteloven.

#### *Berekning av frådraget*

Etter NOKUS-reglane er det deltakarar som eig eller kontrollerer delar av selskapet per 31. desember i inntektsåret som vert gjenstand for laupande skattlegging, jf. Ot.prp. nr. 16 (1991–92) *Oppfølging av skattereformen 1992* punkt. 6.8.3. Deltakaren vert skattlagd for sin del av nettoresultatet for heile inntektsåret, uavhengig av om deltakaren berre har vore eigar ein del av inntektsåret. Det inneber at deltakaren bør kunne krevje frådrag for den delen av kjeldesatten NOKUS-selskapet har betalt i løpet av heile inntektsåret som svarer til deltakaren sin eigarandel.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-70 fyrste ledd i skatteloven.

#### *Kva for norske skattar det kan krevjast frådrag i*

Departementet foreslår at deltakarane kan krevje frådrag i inntektssatt for kjeldesatt betalt av NOKUS-selskapet. Dette inneber at ein kan krevje frådrag i alle skattar som vert skrivne ut på alminneleg inntekt og trinnsatt, på same måte som for kreditfrådrag etter skatteloven § 16-20. Ein kan ikkje krevje frådrag i formuessatt, då det her er tale om frådrag for ein inntektssatt. Ein kan heller ikkje krevje frådrag i trygdeavgift. Ein slik regel ville ha vore svært administrativt krevjande å etablere. Departementet syner òg til

at frådrag i formuesskatt og trygdeavgift berre ville ha vore aktuelt i svært få høve.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-70 fyrste ledd i skatteloven.

#### *Høvet til berekning av NOKUS-inntekt etter skatteloven § 10-65*

Etter skatteloven § 10-65 skal norske deltakarar sin del av NOKUS-selskapet si inntekt setjast til vedkomande sin del av selskapet sitt overskot eller underskot. Overskotet eller underskotet vert her fastsett etter reglane i norsk skattelovgiving som om selskapet hadde vore skattytar. Dette inneber mellom anna at ei inntekt som er ilagd kjeldeskatte, ikkje kan nettoførast ved berekning av NOKUS-selskapet si inntekt. Når skattefrådraget skal kompensere for dobbeltskattlegging av inntekta, føreset det at den kjeldeskattepliktige inntekta i NOKUS-selskapet er rett fastsett og i tråd med reglane i skatteloven § 10-65.

#### *Fram- og tilbakeføring av frådraget*

Det kan vere inntektsår der skattytaren ikkje er i skatteposisjon i Noreg, eller der fastsett norsk inntektsskatt er lågare enn skattytaren sin del av den kjeldeskatte NOKUS-selskapet har betalt. I slike tilfelle meiner departementet at skattytar bør ha rett til å framføre kjeldeskatte som han ikkje får utnytta i det aktuelle året, til eit seinare inntektsår.

Unytta kreditfrådrag kan etter kreditreglane for skatt betalt i utlandet framførast til frådrag i skatt i dei fem påfølgjande åra, jf. skatteloven § 16-22 fyrste ledd. Departementet foreslår at den same fristen vert sett for retten til å framføre unytta frådrag for kjeldeskatte. Det vil vere klare administrative fordelar ved at reglane her er like.

På same måte som etter kreditreglane i skatteloven §§ 16-20 flg., meiner departementet at framført frådrag skal kome til frådrag etter at det er gjort frådrag for kjeldeskatte som er knytt til det aktuelle inntektsåret. Rekkjefølgja er vidare slik at ein får frådrag for kjeldeskatte framført frå eit tidlegare år, før det vert gjeve frådrag for eit seinare år.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-71 fyrste ledd i skatteloven.

Departementet foreslår òg ein subsidiær og avgrensa rett til å tilbakeføre kjeldeskatte betalt av NOKUS-selskapet. Ein foreslår at kjeldeskatte som ikkje kjem til frådrag ved årets skatteoppgjer, kan kome til frådrag i skatt i det føregåande året. Eit vilkår for slik rett til tilbakeføring vil vere at skattytar kan sannsynleggjere at vedkomande

ikkje vil vere skattepliktig til Norge i løpet av dei fem påfølgjande åra. Dette vil til dømes kunne vere tilfelle der ein kan sannsynleggjere at skatteplikta til Noreg vil opphøyr, eller ved likvidasjon/ oppløysing av selskap eller innretning, eller død for personleg skattytar. Departementet antek at regelen vil vere aktuell i svært få tilfelle.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-71 andre ledd i skatteloven.

#### *Høvet til kreditreglane i skatteloven §§ 16-20 flg. og §§ 16-30 flg.*

Etter omstenda kan ein skattytar ha rett til frådrag etter fleire reglar samstundes. Ein kan for det fyrste ha rett til frådrag både etter dei nye reglane om frådrag for kjeldeskatte på renter og royalty mv. i skatteloven §§ 16-70 flg., og etter reglane om frådrag for skatt betalt i utlandet etter skatteloven §§ 16-20 flg. Unntaksvis kan ein òg ha rett til frådrag etter reglane om kredit for skatt i utanlandsk dotterselskap etter skatteloven §§ 16-30 flg. Det inneber at ein må ta stilling til kva for frådrag som skal takast fyrst i slike tilfelle.

Departementet foreslår at retten til frådrag etter dei ulike kreditreglane for skatt betalt i utlandet skal takast fyrst. Grunngevinga er at desse frådraga er meir avgrensa for skattytar enn retten til frådrag for kjeldeskatte på renter og royalty mv. Dei ordinære kreditreglane for skatt betalt i utlandet har mellom anna reglar om berekning av maksimal kredit i skatteloven § 16-21, og eventuell framføring av frådrag må skje innanfor kvar inntektskategori for seg. Det vil såleis vere ein fordel for skattytar å få utnytta desse frådraga fyrst. I tillegg vil det vere administrative fordelar ved at frådrag etter eksisterande kreditreglar kjem fyrst til frådrag.

Departementet syner til framlegg om ny § 16-70 andre ledd i skatteloven.

Etter skatteloven § 16-20 andre ledd har skattytarar som vert skattlagde etter NOKUS-reglane rett til frådrag i norsk skatt for ein høvesvis del av den skatten som NOKUS-selskapet har betalt. På nærare vilkår omfattar regelen òg skatt som NOKUS-selskapet har betalt til andre statar enn den staten selskapet er heimehøyrande i. Departementet finn grunn til å understreke at det ikkje er høve til å krevje frådrag for den norske kjeldeskatte på renter og royalty m.m. med heimel i denne regelen. Denne regelen har til føremål å hindre at same inntekt vert skattlagd både i Noreg og i utlandet, og regulerer retten til frådrag for skatt betalt i *utlandet*. Departementet understrekar òg at den norske kjeldeskatte ikkje

skal inngå i berekninga av kva som utgjer «norsk skatt på samlet skattepliktig inntekt» etter regelen i skatteloven § 16-21 fyrste ledd. Den føresegna gjev reglar for å berekne omfanget av frådragsretten etter kreditreglane i §§ 16-20 flg. Dette inneber altså at kjeldeskatte ikkje kan auke maksimal kredit etter desse reglane.

#### *Fordeling av frådraget mellom skattekreditorane*

Etter framlegget vert frådraget gjeve i skatt på alminneleg inntekt og trinnskatt. Departementet foreslår at frådraget vert fordelt mellom skattekreditorane i det høvet desse skattane fordeler seg mellom skattekreditorane. Det inneber at frådraget for personlege skattytarar skal fordelast mellom staten, fylkeskommunen og kommunen på grunnlag av samla fastsett trinnskatt og fellesskatt til staten, inntektsskatt til fylkeskommunen, og inntektsskatt til kommunen. For upersonlege skattytarar vert tilsvarande frådrag overført i skatt til staten.

Departementet syner til framlegg om nytt fjerde ledd i skattebetalingsloven § 8-1, og endringar i § 8-2 fyrste ledd.

#### **8.2.4 Nærare om unntak frå kjeldeskatte for NOKUS-selskap med berre norske deltakarar**

Departementet foreslår ein unntaksregel som skal gjelde selskap eller innretning der alle deltakarane oppfyller vilkåra for å svare skatt etter NOKUS-reglane for sitt eigarskap i selskapet. Det avgjerande for at unntaksregelen skal kome til bruk, er at deltakarane på betalingstidspunktet er underlagt NOKUS-reglane.

Etter NOKUS-reglane vert deltakarane skattlagde for sin del av NOKUS-selskapet sitt samla overskot i det enkelte inntektsår. Kjeldeskatte på rentar og royalty m.m. vert derimot lagt på den einskilde betalinga laupande gjennom inntektsåret. Det inneber at eigarsamansetjinga av NOKUS-selskapet kan endre seg etter skattleggingstidspunktet og før inntektsåret er slutt. Slik kan altså eit NOKUS-selskap vere kvalifisert for unntaket for kjeldeskatte på eit tidspunkt i inntektsåret, men ikkje på eit anna tidspunkt i inntektsåret.

Ein regel der vurderinga av om vilkåra for NOKUS-skattlegging på *betalingstidspunktet* er avgjerande for om unntaksregelen kan brukast, gjev nokre utslag som det er grunn til kommentere nærare.

I nokre tilfelle vil endringar i eigarsamansetjinga etter at den kjeldeskattepliktige betalinga

er gjennomført, medføre at ei betaling som *er belasta* med kjeldeskatte prinsipielt sett ikkje skulle ha vore det. Det vil vere tilfellet viss NOKUS-selskapet på slutten av inntektsåret er fullt ut eigd av norske deltakarar. I slike tilfelle vil den nye frådragsregelen i skatteloven § 16-70 tryggje at deltakarane likevel har høve til å få kompensasjon for betalt kjeldeskatte.

I andre tilfelle kan situasjonen vere motsett. Det vil seie at ei betaling *ikkje vert belasta* med kjeldeskatte på betalingstidspunktet, fordi NOKUS-selskapet på dette tidspunktet var eigd fullt ut av norske deltakarar, medan dette ikkje lenger er tilfelle på slutten av inntektsåret. Departementet vil vurdere nærare om ein bør innføre ein regel som gjer selskapet etterskotspliktig for kjeldeskatte i slike tilfelle. Departementet legg til grunn at det vil vere relativt få tilfelle der dette er aktuelt. Det vert òg vist til at eventuelle tilpassingar for å unngå kjeldeskatte etter omstenda kan verte råka av omgåingsregelen i skatteloven § 13-2.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteloven § 10-80 andre ledd og § 10-81 andre ledd.

#### **8.2.5 Administrative og økonomiske følgjer**

Den nye regelen om skattefrådrag for kjeldeskatte vil innebere ein auke av individuelle forhold ved skattlegging av NOKUS-deltakarar. Det vil gjere systemet med nettofastsetting noko vanskelegare og meir arbeidskrevjande, både for skattytarar som nyttar seg av frådragsregelen og for Skatteetaten.

Samla sett vil det likevel vere ein stor fordel for dei skattepliktige at dei kan krevje frådrag for skatt når inntekta er gjenstand for økonomisk dobbeltskattlegging.

Unntaksregelen for NOKUS-selskap der alle deltakarane oppfyller vilkåra for NOKUS-skattlegging på betalingstidspunktet, vil bidra til å redusere ressursbruken knytt til frådragsregelen. Han vil truleg avgrense krinsen av NOKUS-deltakarar som krev frådrag vesentleg. Tal frå Skatteetaten syner til dømes at for inntektsåret 2019 var til saman 176 av 253 NOKUS-selskap 100 pst. eigde av norske deltakarar. Departementet understrekar her at problemstillinga som dette framlegget gjeld, ikkje angår alle NOKUS-selskap, men berre slike som vert pliktige til å betale den nye kjeldeskatte på renter, royalty og leiebetalningar for visse fysiske egedelar.

Systemkostnadene for Skatteetaten vert dekte innanfor eksisterande rammer, og regelendringane vil ikkje medføre auka ressursbehov.

Departementet anslår at framlegget vil ha uvesentlege provenyverknader.

### 8.2.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at regelendringane tek til å gjelde straks.

## 8.3 Overgangsregel til skatteloven § 10-82

---

Reglane om kjeldes katt tek til å gjelde med verk-  
nad frå høvesvis 1. juli 2021 for kjeldes katt på ren-  
ter og bruk av eller retten til å bruke immaterielle  
rettar, og frå 1. oktober 2021 for kjeldes katt på  
bruk av eller retten til å bruke visse fysiske eige-  
delar.

Eit vilkår for at ei betaling vert omfatta av  
kjeldes katten på renter og royalty mv., er at ho er  
gjort mellom *nærståande* føretak. Selskap mv. vert  
rekna som nærståande etter førese gna om kjelde-  
skatt når det føreligg direkte eller indirekte eigar-  
skap eller kontroll med minst 50 pst., jf. skatte-  
loven § 10-82 fyrste ledd. Andre ledd i regelen slår  
vidare fast at det avgjerande er om krava til eigar-  
skap eller kontroll er, eller har vore, oppfylte på  
noko tidspunkt i inntektsåret før betalinga er tid-  
festa. Bakgrunnen for regelen er at ein har ynskt å  
redu sere høvet til å foreta tilpassingar, til dømes  
ved at selskapa riggar seg slik at dei unngår å  
verte rekna som nærståande akkurat på tidspunk-  
tet for betalinga. Samstundes ynskte ein å unngå

administrative utfordringar for dei skattepliktige  
som kan oppstå viss nærståandevurderinga vert  
knytt til *kva som helst* tidspunkt i inntektsåret – det  
vil seie òg etter at betalinga vart utført.

Ordlyden i skatteloven § 10-82 har inga særleg  
regulering for tilfelle der kravet til eigarskap eller  
kontroll vart oppfylt på eit tidspunkt i inntektsåret  
2021, men *før* verknadstidspunktet for iverk-  
setjinga av dei nye førese gna. Det kan dermed  
vere usikkert for føretaka om reglane vil gjelde i  
slike tilfelle.

Føremålet med utsett iverksetting av føre-  
segna om kjeldes katt var å gje dei aktuelle nærin-  
gane, og Skatteetaten, betre tid til å førebu seg på  
endringane. Departementet syner til Prop. 1 LS  
(2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* side 141.  
I forlenginga av dette har det ikkje vore inten-  
sjonen at kjeldes katt skal verte lagd på betalingar  
i tilfelle der vilkåra for å vere nærståande partar  
etter regelverket ikkje var oppfylte korkje ved  
eller etter iverksetting av førese gna.

På denne bakgrunnen foreslår departementet  
ein overgangsregel til skatteloven § 10-82. Føre-  
segna tydeleggjer at kravet til eigarskap eller kon-  
troll må vere oppfylt på eller etter verknadstids-  
punktet for iverksetting av førese gna for den  
respektive betalinga (høvesvis 1. juli 2021 og  
1. oktober 2021).

Det vert vist til framlegg om ny overgangs-  
regel til skatteloven § 10-82 i lov 21. desember  
2020 nr. 164 om endringer i skatteloven. Departe-  
mentet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 9 Registrering av britiske avgiftssubjekt i Merverdiavgiftsregisteret

### 9.1 Innleiing og samandrag

Departementet gjer framlegg om endringar i reglane i merverdiavgiftsloven om registrering av avgiftssubjekt heimehøyrande i Det sameinte kongeriket Storbritannia og Nord-Irland (Storbritannia).

Framlegget inneber at avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia framleis får høve til direkte registrering i Merverdiavgiftsregisteret. Dette gjev avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia høve til å registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret utan å nytte representant. Departementet foreslår òg at i fall avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia nyttar representant, så skal ikkje representanten verte ansvarleg for å betale meirverdiavgift.

Framlegget er i samsvar med reglane som gjeld for avgiftssubjekt heimehøyrande i EØS-statar. Framlegget er difor ei fortsetjing av ordninga som gjaldt for avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia då Storbritannia var medlem i EU.

Framlegget har ikkje vore sendt på høyring, av di departementet legg til grunn at det ikkje er naudsynt. Framlegget vil ikkje få nemneverdige administrative og økonomiske følgjer, ettersom framlegget fører vidare registreringordninga som tidlegare òg gjaldt for avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia.

Departementet syner til framlegg til endringar i merverdiavgiftsloven §§ 2-1 sjette ledd og § 11-1 fjerde ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå den tida Kongen bestemmer.

### 9.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Meirverdiavgifta er ei generell avgift på innlandsk forbruk av varer og tenester. Føremålet med meirverdiavgifta er å skaffe staten inntekter. Registrerte avgiftssubjekt krev opp meirverdiavgifta på vegne av staten, og alle ledd i omsetninga av varer og tenester skal som hovudregel rekne ut meirverdiavgift. Registrerte avgifts-

subjekt har rett til å føre inngåande meirverdiavgift til frådrag i avgiftsoppgjøret med staten.

Meirverdiavgiftspliktige skal registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret. Utgangspunktet er at avgiftssubjekt som ikkje har forretningsstad eller heimstad i meirverdiavgiftsområdet, må registrere seg ved representant, sjå merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd fyrste punktum. Representanten må ha heimstad eller forretningsstad i meirverdiavgiftsområdet. Representanten vert då, saman med avgiftssubjektet, ansvarleg for å rekne ut og betale meirverdiavgifta, sjå merverdiavgiftsloven § 11-1 fjerde ledd fyrste punktum.

Ved endringslov 17. juni 2016 nr. 31 vart reglane om representant i merverdiavgiftsloven moderniserte. Etter desse endringane vart kravet om å nytte representant teke vekk for avgiftssubjekt som er heimehøyrande i ein EØS-stat som etter ei skatteavtale med Noreg skal utveksle opplysningar og hjelpe med innkrevjing av meirverdiavgift. Om desse avgiftssubjekta nyttar representant, skal ikkje representanten vere ansvarleg for å betale meirverdiavgift. Omsyna og vurderingar er omtalte i Prop. 113 L (2015–2016) *Endringer i merverdiavgiftsloven (utvidet adgang til direkte registrering)*. Endringane framgår av nye punktum i merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd og § 11-1 fjerde ledd.

Storbritannia har trådd ut av EU, og er difor ikkje lenger ein EØS-stat. Ved kongeleg resolusjon 18. desember 2020 vart det med heimel i brexitloven § 3 vedteke ei forskrift som fråvik reglane om registrering i merverdiavgiftsloven. Føremålet er å motverke uheldige konsekvensar av at Storbritannia ikkje lenger er ein EØS-stat. Sjø forskrift 18. desember 2020 nr. 2843 om overgangsregler om registrering ved representant i Merverdiavgiftsregisteret ved Storbritannias uttrede fra EU. Forskrifta fastset i § 1 at direkte registrerte avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia, som har halde fram med å vere direkte registrerte etter 31. desember 2020, ikkje er råka av plikta til å nytte representant etter merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd. I fall avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia har nytta representant, har ikkje represen-

tanten etter 31. desember 2020 fått ansvar for betaling av meirverdiavgift etter merverdiavgiftsloven § 11-1 fjerde ledd, sjå forskrifta § 2. Avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia som ynskjer å omsetje varer og tenester i Noreg, og som ikkje var direkte registrerte i Merverdiavgiftsregisteret innan 31. desember 2021, må i dag nytte representant. Representanten vert ansvarleg for å betale meirverdiavgifta.

### 9.3 Vurderingar og framlegg

---

Departementet meiner det er gode grunnar til å vidareføre registreringordninga som gjaldt medan Storbritannia var medlem av EU, for avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia. Avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia har tidlegare nytta ordninga, og dei er kjende med ordninga. Føretak frå Storbritannia som ikkje tidlegare har vore direkte registrerte, bør òg kunne drive verksemd i Noreg på vilkår som svarer til dei som gjeld for norske avgiftssubjekt.

Departementet tilrår at føretak frå Storbritannia ikkje må nytte representant for registrering, og at ein eventuell representant ikkje vert ansvarleg for betaling av meirverdiavgift. Departementet påpeiker at norske føretak ikkje må nytte representant for registrering i det tilsvarende britiske registeret, og at dette ikkje har vorte påverka av Brexit. Meirverdiavgiftspliktige frå Storbritannia kan likevel velje å nytte representant.

Departementet tilrår at avgiftssubjekt heimehøyrande i Storbritannia må følgje dei same reglane som avgiftssubjekt heimehøyrande i EØS. Dei same krava vil gjelde for når eit føretak er «heimehøyrande», og til innhaldet i ei folkerettsleg avtale mellom statane. Desse føresegnene er behandla i Prop. 113 L (2015–2016), og departe-

mentet syner til desse. Noreg har ei moderne skatteavtale med Storbritannia som dekkjer informasjonsutveksling og innkrevjing av alle skattar. Det geografiske verkeområdet til skatteavtala vil vere bestemmande for omfanget av unntaket frå kravet om å nytte representant.

Framlegget vil ikkje ha særlege administrative og økonomiske følgjer. Føretak frå Storbritannia kunne registrere seg direkte frå 1. april 2017 fram til utlaupt av overgangsperioden 31. desember 2020. Dei føretaka som alt var direkte registrerte før 31. desember 2020, har ikkje måtte registrere seg på nytt med representant.

Framlegget har ikkje vore sendt på høyring. Departementet legg til grunn at det ikkje er naudsynt.

Departementet vil vurdere om det trengst ein meir heilskapleg gjennomgang av representantordninga for utanlandske næringsdrivande, og vil i så fall kome tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Forskrift 18. desember 2020 nr. 2843 om overgangsregler om registrering ved representant i Merverdiavgiftsregisteret ved Storbritannias uttreden fra EU vart vedteken ved kongeleg resolusjon. Det er ikkje naudsynt med desse mellombelse føresegnene når dei foreslåtte endringane i merverdiavgiftsloven tek til å gjelde. Forskrifta skal difor opphevast samstundes med at dei tilrådde endringane i merverdiavgiftsloven tek til å gjelde.

Departementet syner til framlegg til endringar i merverdiavgiftsloven §§ 2-1 sjette ledd og § 11-1 fjerde ledd.

### 9.4 Iverksetjing

---

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå den tida Kongen bestemmer.

## 10 Skatteordning ved erstatning i samband med forbodet mot hald av pelsdyr

### 10.1 Innleiing og samandrag

Landbruks- og matdepartementet la 26. mars d.å. fram forslag om endringar i lov 21. juni 2019 nr. 63 om forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 122 L (2020–2021) *Endringer i lov om forbud mot hold av pelsdyr (kompensasjonsordning)*. Forslaget er at oppdrettarar som heldt pelsdyr 15. januar 2018, kan krevje kompensasjon i form av erstatning i samsvar med utmålingsreglane i ekspropriasjonsersatningslova. I høyringa oppmoda *Norges Bondelag* og *Norges Pelsdyrslag* til at det vert gjeve fritak for skatt og meirverdiavgift.

Finansdepartementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å foreslå fullt skattefritak, slik *Norges Bondelaget* og *Norges Pelsdyrslag* har oppmoda til. Skattelova har ei ordning med såkalla «betinget skattefritak» ved ufrivillig realisasjon, irekna ekspropriasjon. Departementet gjer framlegg om at det etter mønster av denne ordninga vert opna for skattefritak på vilkår for erstatning i samband med forbodet, som vert utmålt etter reglane i ekspropriasjonsersatningslova.

Ordninga til oppdrettarar som følgje av forbodet gjev òg kompensasjon for kostnader til riving og opprydding, kompensasjon for lågare framtidig alderspensjon, og tilskot til omstilling og kompetanseheving. Desse ordningane bør skattleggjast etter dei vanlege reglane for pensjonsinntekt og inntekt frå verksemd.

Til skilnad frå skatteplikta skal det ikkje svarast meirverdiavgift av erstatning. Departementet legg såleis til grunn at verksemdene ikkje skal betale meirverdiavgift på kompensasjonen dei mottek, knytt til forbodet mot hald av pelsdyr. Forbodet gjev ikkje grunn til unntak frå føresegnene om at det må reknast meirverdiavgift når driftsmiddel frå avgiftspliktig verksemd vert tekne i bruk til andre føremål enn avgiftspliktig verksemd, til dømes til privat bruk. Departementet legg til grunn at ordninga med kompensasjon tek omsyn til meirverdiavgift som må svarast sjølv om driftsmiddel ikkje vert tekne i bruk til andre føremål.

Framlegget vil truleg ha moderate administrative følgjer. Ein kan forvente at det i liten

grad vert utbetalt erstatning basert på ekspropriasjonsrettslege reglar i år, og at hovuddelen av utbetalingane vil skje i 2022. Forslaget vil ikkje ha provenyverknader i 2021.

Departementet syner til framlegg til skattelova ny § 14-74. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

### 10.2 Gjeldande rett

Hovudregelen i skattelova er at gevinst både ved frivillig realisasjon og ufrivillig realisasjon, er skattepliktig. Ufrivillig realisasjon kan ha si årsak i at formuesobjekt er gått tapt ved brann, ulukke eller er eksproprierte. Skatteplikta følgjer av dei vanlege reglane for skattlegging av inntekt frå verksemd. Dei fleste pelsdyroppdrettarar driv verksemda i enkeltpersonføretak. Gevinstar vert då skatta med satsen for alminneleg inntekt. I tillegg vil gevinsten gå inn i den næringsdrivande sitt personinntektsgrunnlag, jf. skattelova § 12-11.

Skattelova § 14-70 har eit unntak frå denne hovudregelen, såkalla «betinget skattefritak», som opnar for at gevinst ved ufrivillig realisasjon av formuesobjekt, under visse høve likevel kan krevjast fritaken for skattlegging. Grunngevinga for ordninga er at skattytar skal sleppe skattlegging straks, dersom erstatninga gjennom reinvestering i nytt formuesobjekt, vert nytta til å rette opp att igjen situasjonen frå før den ufrivillige realisasjonen. Gevinsten skal kome til frådrag i kostprisen til det nye objektet utan å kome til frådrag ved inntektsfastsetjinga, jf. skattelova § 14-70 tredje ledd siste punktum. Skattefritak på vilkår er såleis ikkje noko endeleg fritak for skattlegging, men ei utsettjing (skattekreditt) til det reinvesterte objektet vert realisert, eller ved at det vert avskrive med eit lågare avskrivingsgrunnlag enn om ein ikkje hadde fått skattefritak på vilkår. Føresetnaden for fritaket er at vederlaget innan tre år vert nytta til erverv av nytt objekt av «same art» som det som er avstått.

Ved innløyning av festetomter er det opna for skattefritak på vilkår med ein noko utvida reinves-

teringstilgang. I slike høve kan det investerast ikkje berre i objekt av same art, dvs. ny tomt som vert bortfesta, men òg i påkostning på areal, bygg eller anlegg i næringsverksemda til skattytar eller anna inntektsgjevande aktivitet, jf. skattelova § 14-72. Dette er særskilt grunna i at det utan ei slik utviding i realiteten ikkje vil verte noko særleg skattelemning for mange ved innløyning av feste- tomtar.

Òg ved ufrivillig realisasjon av landbrukseige- dom kan gevinst krevjast friteken for skattlegging med den same utvida reinvesteringstilgangen som for festetomtar, jf. skattelova § 14-73. Bakgrunnen er at det i tilfelle der landbrukseigedomar vert eksproprierte, kan vere vanskeleg å oppdrive nytt objekt av «same art» som det som har vorte avstått. Det er ikkje noko krav om at det kan sannsynleggjerast at det ikkje har vore mogleg å skaffe tilsvarende objekt som det som er avstått. Det vert heller ikkje stilt krav om at reinvesteringa skjer innan jordbruk eller skogbruk. Det gjeld likevel eit unntak for bustad og fritidsbustad. Rein- vesteringstilgangen er òg avgrensa mot lausøyre- investeringar og laupande driftsutgifter i verk- semda.

Etter meirverdiavgiftslova § 3-21 fyrste ledd skal det «beregnes merverdiavgift når en vare tas ut fra den registrerte eller registreringspliktige virksomheten.». Føresegnene er grunna både i at meirverdiavgifta skal vere nøytral og i at det pri- vate forbruket skal skattleggjast. Eit døme på når det må svarast slik uttaksmeirverdiavgift kan vere at ein ATV vert teken i bruk til private føremål eller til verksemd med omvisingar. Dette er bruk som ikkje gjev rett til frådrag for inngåande meir- verdiavgift. At meirverdiavgifta skal vere nøytral er i noko grad òg ei plikt etter EØS-retten.

Fast eigedom er ikkje omfatta av den generelle meirverdiavgiftsplikta og vert heller ikkje råka av plikta til å rekne uttaksmeirverdiavgift. Endra nyt- ting av fast eigedom kan likevel gje plikt til å jus- tere inngåande meirverdiavgift som er ført til frå- drag, til dømes for oppføring av driftsbygning. Eit døme på dette kan vere at ein driftsbygning vert teken i bruk som garasje for privatbil. Føresegna om justering kan òg innebere at det må svarast meirverdiavgift når avgiftspliktig verksemd vert avslutta, utan at bygningen vert teken i bruk til andre føremål. Målet med føresegnene om juste- ring er at frådraget for inngåande meirverdiavgift skal spegla den faktiske bruken i avgiftspliktig verksemd over tid, ikkje berre på tilhøva då kjøpet vart gjort eller då bygningen vart teken i bruk. Overdraging, til dømes når eigedom vert ekspro- priert, er ei såkalla justeringshendning. I dette ligg

at den som overdreg eigedomen kan måtte betale tilbake frådragsført inngåande meirverdiavgift, av di overdraginga inneber at bruken i den avgifts- pliktige verksemda vert broten. Riving og sane- ring av bygning er derimot ikkje justeringshendin- gar, slike hendingar inneber at bygningen ikkje vert teken i bruk til andre føremål.

### 10.3 Bakgrunn

Stortinget oppmoda regjeringa gjennom vedtak 353 til 357 den 11. februar 2020, om ei endring av kompensasjonsordninga, slik at det mellom anna skal ytast erstatning som ved eit ekspropriasjons- rettsleg inngrep.

I Prop. 122 L (2020–2021) *Endringer i lov om forbud mot hold av pelsdyr (kompensasjonsord- ning)*, fremja av Landbruks- og matdepartementet 26. mars d.å., er det gjort framlegg om at gjel- dande kompensasjonsordning for ikkje-realiser- bar drifts- og anleggskapital og kompensasjon per avltsispe, skal erstattast av ei ordning med kom- pensasjon i form av erstatning i samsvar med utmålingsreglane i lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspro- priasjonserstatningslova), jf. forslag til ny § 3 i lov 21. juni 2019 nr. 63, om forbod mot hald av pels- dyr. Etter desse føresegnene skal då pelsdyropp- drettarar som eig eller leiger anlegg for hald av pelsdyr, ha «rett på erstatning for tap som følge av avviklingen». Dette skal tryggje at pelsdyropp- drettarar får full erstatning i tråd med ekspropria- sjonslovgjevinga sine føresegner, og då basert på pelsdyrverksemda sin verdi per 15. januar 2018.

Gjeldande ordning med kompensasjon for kostnader til riving og opprydding, kompensasjon til eldre oppdrettarar for lågare framtidig alderspensjon og ordninga med tilskot til omstil- ling og yrkesretta kompetanseheving, vert etter forslaget frå Landbruks- og matdepartementet, å vidareføre.

Forslaget frå Landbruks- og matdeparte- mentet til ny kompensasjonsordning seier ikkje noko om skattespørsmål ut over å syne til at dette er til vurdering i Finansdepartementet. Høyrings- notatet omhandlar heller ikkje skattespørsmål, men landbruksministeren har varsla om at det vil verte foreslått ei ordning med skattefritak på vil- kår som ved ekspropriasjon. *Norges Bondelag* og *Norges Pelsdyrslag* har i sine høyringssvar til Landbruks- og matdepartementet, og òg i brev til Finansdepartementet, teke opp skattlegginga av kompensasjonsordningane. Hovudkravet er fullt skattefritak for kompensasjonane. *Norsk bonde- og*

*småbrukarlag* har i sitt høyringssvar gjeve si støtte til høyringssvaret frå *Norges Pelsdyrslag*.

*Norges Bondelag* har gjort gjeldande at skatte-reglane ikkje er tilpassa den ekstraordinære situasjon det er med eit forbod mot ei elles lovleg næring, og at nesten halvparten (49,6 pst. maksimal næringssskatt) av erstatninga utmålt etter ekspropriasjonsrettslege prinsipp, vil gå bort i skatt. Det tilseier fullt skattefritak, og då òg for dei kompensasjonsordningane som ikkje går på erstatning utmålt etter ekspropriasjonsersatningslova.

Vidare gjer *Norges Bondelag* gjeldande at ikkje alle pelsdyrbønder har høve til å reinvestere erstatninga i anna næringsverksemd. Desse vil få svært høg trinnsskatt og verte fråtekne generasjonsverdiar. Marknadssituasjonen innan fleire husdyrproduksjonar inneber dessutan at høvet til å reinvestere i anna jordbruksproduksjon, er avgrensa. Tilsvarande meiner *Norges Bondelag* at ein må sjå på føresegna i skattelova § 14-70 sjuande ledd, om skattefritak på vilkår ved nedslakting av livdyr (irekna pelsdyr) etter pålegg frå veterinærstyresmakter. I høve det ikkje vert gjeve fullt skattefritak, meiner *Norges Bondelag* at skattefritak på vilkår ikkje berre skal gjelde for erstatning for driftsmiddel (og ev. livdyr), men for heile erstatninga. Med tanke på bakgrunnen for nedlegginga, og den tida som er gått, er det òg naudsynt med ein lengre reinvesteringssperiode enn tre år.

*Norges Pelsdyrslag* gjer gjeldande at skattefritak på vilkår berre er ei utsetjing av skattlegginga. Kostprisen for det reinvesterte objektet vert redusert tilsvarande gevinsten som skattytar fekk i samband med den ufrivillige realisasjonen.

*Norges Pelsdyrslag* meiner erstatninga må vere slik at pelsdyrbonden etter skatt må kunne investere i anna objekt, utan at reglane om skattefritak på vilkår set grense for det. Dei skal òg stå i tilsvarande formuesituasjon som før den tvungne avviklinga av pelsdyrhaldet. Det må presiserast i ny lovgjeving at skattefritak/skattefritak på vilkår òg må gjelde for allereie utbetalt erstatning etter gjeldande kompensasjonsordning. Det vil vere urimeleg om rettferdige skattereglar berre skal gjelde for rekneskapsåret 2021 og seinare. Tidlegare utbetalte erstatningar er som følgje av ny erstatningsordning som eit forskot å rekne. All erstatning må behandlast likt med omsyn til skatt.

*Norges Bondelag* meiner at føresegnene om meirverdiavgift må verte endra, slik at driftsmiddel fritt kan takast i bruk til andre føremål, utan betaling av meirverdiavgift.

## 10.4 Vurderingar og framlegg

### 10.4.1 Skattefritak

#### *Krav om fullt skattefritak*

Finansdepartementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å foreslå fullt skattefritak slik *Norges Bondelag* og *Norges Pelsdyrslag* har oppmoda til. Hadde verksemda vorte realisert frivillig, ville det ha ført med seg vanleg skattlegging. Heller ikkje ved ekspropriasjon vert det gjeve fullt skattefritak. Når det vert gjeve full erstatning for verksemda si verdi, er det ingen avgjerande forhold som tilseier at realisasjonen skal behandlast på annan måte enn det som gjeld ved eit ordinært sal. Det er i og for seg ekstraordinært at avviklinga skjer som ei følgje av eit forbod mot ein heil bransje, men for den enkelte oppdrettaren gjer det ingen forskjell.

#### *Skattefritak på vilkår*

Skattefritak på vilkår er ei generell ordning ved ufrivillig realisasjon, som til dømes ved ekspropriasjon. Dette er ikkje noko endeleg skattefritak, men ei skatteutsetjing. Bakgrunnen er at det korke vil vere logisk eller rimeleg at ekspropriasjon i seg sjølv skulle innebere fullt skattefritak, i motsetnad til ved eit frivillig sal. Tvangselementet tilseier likevel at ein slepp skattebelastninga der og då, så fram erstatninga vert reinvestert i ny verksemd. Ei ordning der ein ville kome vesentleg betre ut med omsyn til skatt etter inngrepet enn før, vil dessutan gje ein heilt tilfeldig fordel som andre ikkje får.

Finansdepartementet meiner at gevinst ved erstatning utløyst av forbodet mot pelsdyrhald, og som vert utmålt etter reglane om ekspropriasjonsersatning, kan fritakast for inntektsskatt så langt skattytar reinvesterer vederlaget på nærare gjevne vilkår, på same måte som ved ekspropriasjon.

Departementet legg til grunn at forbodet mot hald av pelsdyr ikkje inneber nokon ekspropriasjon etter ekspropriasjonsersatningslova, og at ekspropriasjonsomgrepet i skatteretten vert å forstå på same måten. Føresegna om skattefritak på vilkår ved ufrivillig realisasjon i skattelova §§ 14-70 og 14-73, kan såleis ikkje nyttast. Ei ordning med skattefritak på tilsvarande måte som ved ekspropriasjon, vil difor krevje ei lovending.

#### 10.4.2 Nærare om ei avgrensing av ei ordning med skattefritak på vilkår

*Kompensasjon i form av erstatning i samsvar med utmålingsreglane i ekspropriasjonserstatningslova*

Departementet meiner at det berre er den delen av kompensasjonen som vert fastsett i samsvar med ekspropriasjonserstatningslova, som skal kunne reinvesteras skattefritt på tilsvarende måte som ved ufrivillig realisasjon, til dømes som ved ekspropriasjon, jf. skattelova §§ 14-70 flg.

Ved utbetaling av erstatning etter ekspropriasjonserstatningslova så vert etter forslaget til ny kompensasjonsordning, erstatning som allereie er utbetalt etter gjeldande ordning, å trekkje i frå, jf. § 3 siste ledd i utkast til endring i lov om forbod mot hald av pelsdyr. Finansdepartementet meiner at dersom det til dømes vert utmåla ei erstatning på 100 etter ekspropriasjonserstatningslova, men berre 20 vert utbetale fordi ein allereie har motteke 80 etter gjeldande ordning, så vil det vere 100 som ein kan reinvestera skattefritt på vilkår. Det skal altså kunne gis skattefritak på vilkår for heile erstatninga som bereknast etter reglane i ekspropriasjonserstatningslova, utan frådrag for tidlegare motteke erstatning. Så kan det i nokre høve vere slik at utmålinga etter den nye ordninga, er lågare enn den erstatninga som allereie er utmåla. Etter forslaget frå Landbruks- og matdepartementet skal det då ikkje krevjast tilbakebetaling av det overskytande. Òg i slike høve meiner departementet det bør vere erstatninga utmåla etter dei nye reglane, som kan reinvesteras skattefritt på vilkår. Denne løysinga kan slik departementet ser det, tolkast inn i ordlyden til forslag til nytt føresegn i skattelova § 14-74, jf. at det er «vederlaget» som kan reinvesteras. Soleis vil det ikkje vere behov for noko eksplisitt lovregulering av dette.

*Om kven som kan krevje skattefritak på vilkår*

Det er oppdrettarar som hadde pelsdyr per 15. januar 2018, som kan få kompensasjon etter ekspropriasjonsrettslege prinsipp, og med det verte omfatta av dette framlegget om skattefritak på vilkår. Dei fleste av desse driv verksemda som enkeltpersonføretak, men nokre driv òg selskap. Etter gjeldande rett er det inga grense for kva for subjekt som kan få skattefritak på vilkår. For oppdrettarar som driv verksemda i selskap med deltakarfastsetjing, kan det vere problematisk å reinvestere gevinsten i det same selskapet. Sidan det må vere minst to deltakarar i slike selskap, er det truleg mest tenleg å løyse opp selskapet når

den sams verksemda vert nedlagd. Dette omsynet gjeld ikkje på same måten for aksjeselskap. Omsynet til likebehandling tilseier at oppdrettarar som må leggje ned pelsdyrverksemda vert behandla likt, uavhengig av organisasjonsform. Departementet vil difor foreslå at det vert gjeve ein spesialregel for reinvestering ved oppløysing av selskap med deltakarfastsetjing.

Departementet legg til grunn at deltakarar som vidarefører skatteposisjonen dokumenterer at gevinsten vert realisert ved å halde fram med å levere skattemelding for næringsdrivande og næringsoppgåve (eller tilsvarende i ny skattemelding).

*Reinvesteringsobjekt*

For å ha krav på skattefritak på vilkår ved ufrivillig realisasjon, er hovudregelen at vederlaget vert reinvestert i nytt objekt av «same art» som det som er realisert. Eit slikt krav er ikkje aktuelt i samband med avviklinga av pelsdyrverksemd. Departementet gjer difor framlegg om at det vert opna for ein noko utvida reinvesteringstilgang tilsvarende den som gjeld for festetomter i skattelova § 14-72 og for landbrukseigedom i skattelova § 14-73. Dette vil gje eit relativt smidig bruksområde for erstatninga etter utmålingsreglane i ekspropriasjonserstatningslova ved avvikling av pelsdyrhald. Som organisasjonane peiker på, er det nok slik at det av ymse grunnar ikkje vil vere alle pelsdyrbønder som det vil vere aktuelt for å gjere seg nytte av ordninga, men slik er det òg for ordninga som elles gjeld. Det utvida området for reinvestering vil likevel i nokon grad bøte på dette.

Skattefritak på vilkår vil etter dette framlegget vere mogleg dersom vederlaget vert nytta til erverv eller påkosting på areal, bygg eller anlegg i skattytar si næringsverksemd eller annan inntektsgjevande aktivitet. Det kan då reinvesteras både i erverv av nytt objekt og påkosting på tidlegare erverva objekt som fell innanfor reinvesteringsområdet. At reinvestering òg kan skje i annan inntektsgjevande aktivitet inneber til dømes at reinvestering kan skje i bygg eller anlegg der utleiga/aktiviteten ikkje er omfattande nok til å vere næringsverksemd i skattelova sin forstand.

I tillegg meiner departementet at det bør kunne reinvesteras i anna buskap, til dømes som grunnlag for storfe-, kylling-, eller svineproduksjon.

Det bør likevel ikkje kunne reinvesteras i lausøyre og laupande driftskostnader eller ved-

likehald. Heller ikkje bør det kunne reinvestrast i bustad eller fritidsbustad. Bakgrunnen for det er at gevinsten elles kan gjerast endeleg skattefri gjennom dei generelle gevinstfritaksreglane for slike eigedelar. Unntaket for reinvestering i bustad eller fritidsbustad gjeld sjølv om eigedomen skal leigast ut, og sjølv om inntekta ved utleiga vil vere inntekt av verksemd, fordi desse enkelt kan overførast til eigen bruk seinare (med endeleg skattefritak til følge).

Lovteksten om området for reinvestering kan ha behov for avklårande presiseringar og avgrensingar, og departementet gjer difor framlegg om ei forskriftsfullmakt til dette føremålet.

#### *Frist for reinvestering*

Etter skattelova § 14-70 tredje ledd, må nytt formuesobjekt vere erverva, eller bindande avtale om erverv, vere inngått innan utløpet av det tredje året etter realisasjonsåret.

Dersom det er uklårt om skattytar får erstatning, eller storleiken på kravet er omtvista, så vert det i praksis godteke at reinvestering av det omtvista beløpet vert gjort innan utgangen av det tredje inntektsåret etter det året storleiken på erstatninga vert endeleg fastsett. I svaret sitt i høyringa til Landbruks- og matdepartementet har *Norges Bondelag* bede om lengre reinvesteringsperiode enn desse tre åra.

**F i n a n s d e p a r t e m e n t e t** meiner at ein frist på tre år for reinvestering bør vere tilstrekkeleg romsleg òg for desse tilfella. Å rekne denne fristen frå realisasjonsåret vil likevel vere mindre treffande. Her kjem òg inn at det tidlegare kan vere gjeve erstatning for ikkje-realiserbar drifts- og anleggskapital, og som skal kome til frådrag ved utbetaling av erstatning fastsett på grunnlag av ekspropriasjonserstatningslova. Departementet har difor kome fram til at det mest føremåls-tenlege, mellom anna fordi erstatningsoppgjeret kan ta tid, vil vere at fristen vert å rekne frå det året storleiken på erstatning utmåla etter ekspropriasjonsrettslege reglar, vert endeleg fastsett. Det kan vere høve der erstatninga vert fastsett i fleire omgangar. Det er forståeleg om skattytar vil kvi seg for å setje i gang eit reinvesteringsprosjekt før det er klårt kor stor den samla erstatninga vert. Fristen bør difor reknast frå då heile erstatninga endeleg er fastsett. I praksis vil det gje ein forlenga frist for reinvestering for erstatning som er klårt på eit tidlegare tidspunkt.

Departementet syner til framlegg til skattelova ny § 14-74.

### **10.4.3 Skattlegging av dei andre elementa i kompensasjonsordninga**

Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding, kompensasjon for lågare framtidig alderspensjon, og tilskot til omstilling og kompetanseheving, skal skattleggast etter dei vanlege reglane for næringsinntekt og pensjonsinntekt.

### **10.4.4 Meirverdiavgift**

Føresegnene om meirverdiavgift når driftsmiddel frå avgiftspliktig verksemd vert tekne i bruk til andre føremål, er som nemnt grunna i omsyn til mellom anna at meirverdiavgift skal skattleggje forbruk og vere nøytral. Forbodet mot hald av pelsdyr gjev etter departementet si vurdering ikkje grunnlag for unntak frå desse føresegnene.

At det kan måtte svarast meirverdiavgift etter føresegna om justering, åleine av di at verksemd med hald av pelsdyr endar, kunne isolert sett verka urimeleg – sett i ljøs av at verksemda vert forbode.

Departementet syner til at kompensasjonsordninga som nemnt skal syte for at verksemdene vert gjevne erstatning, på line med det som vert gjeve ved ekspropriasjon. I dette ligg det at justeringsplikt, utan at bygning vert teken i bruk til andre føremål, vert teken omsyn til i tilboda til verksemdar som vert råka av slik tilbakebetalingsplikt.

Departementet si vurdering er at det ikkje er naudsynt å gjere endringar i føresegnene om meirverdiavgift.

## **10.5 Administrative og økonomiske følgjer**

Omlegginga vil innebere eit visst meirarbeid for skattestyresmaktene fordi skattefritak på vilkår vil gjelde fleire tilfelle enn i dag. Regelverket vil likevel truleg ikkje vere spesielt krevjande å handtere korkje for skattytarar eller skattestyresmakter. Dei administrative konsekvensane av forslaget vil difor vere moderate.

Landbruks- og matdepartementet legg opp til at Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) skal utarbeide berekningar som skal danne eit grunnlag for arbeidet med å utforme statens tilbod til pelsdyroppdretterane. Landbruks- og matdepartementet tek sikte på at NIBIOs berekningar skal liggje føre innan 1. juni 2021. Det er anslått at den samla kostnaden til kompensasjon for ikkje-realiserbar drifts- og anleggskapital kan verte på

mellom 650 og 950 mill. kroner. Statens provenytap av å innføre skattefritak på vilkår, vil avhenge av kor stor del av kompensasjonen som vert reinvestert. Det er liten eller ingen informasjon om dette. Landbruks- og matdepartementet meiner det i liten grad vil verte utbetalt erstatning basert på ekspropriasjonsrettslege reglar i år, og at hovuddelen av utbetalingane etter ekspropriasjonsrettslege reglar er forventa å skje i 2022. For-

slaget vil dermed ikkje ha provenykonsekvensar i 2021.

## 10.6 Iverksetjing

---

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

## 11 Oppheving av ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12

Etter skattebetalingslova § 16-12 er fullmektig for personar som er busette i utlandet, eller for utanlandske selskap eller innretning som er heimehøyrande i utlandet, ansvarleg for fullmaktsgjevarens skatt av formue og inntekt og trygdeavgift. Regelen avgrensar fullmektigen sitt ansvar til å omfatte skatt og trygdeavgift som skriv seg frå fullmaktsgjevaren si verksemd i Noreg. Skatt som er fastsett på anna grunnlag, er ikkje omfatta av ansvaret. Dette gjeld til dømes skatt av formue eller inntekt av fast eigedom i Noreg som ikkje har tilknytning til verksemda.

Etter skattebetalingslova § 16-1 fyrste ledd gjeld ansvaret når skatte- og avgiftskrav ikkje er betalt av den skatte- og avgiftspliktige ved forfall. Vidare etablerer § 16-1 tredje ledd ein regressrett for den som betalar skatte- og avgiftskrav etter ansvarsregelen.

Det går fram av forarbeida til skattebetalingslova at regelen er ei vidareføring av skattebetalingslova 1952 § 37 fjerde ledd utan materielle endringar, sjå Ot.prp. nr. 83 (2004–2005) *Lov om*

*betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven).*

Undersøkingar som Skatteetaten har gjort syner at regelen i skattebetalingslova § 16-12 aldri har vore nytta. Etter ordlyden i regelen er det ikkje klart kva for ein type representasjon som er omfatta av fullmektigomgrepet i regelen. Regelen gjev ikkje rettleiing på kva tilknytning eller avtale som må liggje føre mellom fullmektigen og fullmaktsgjevaren for at fullmektigen skal kunne gjerast ansvarleg for skattekrav som er generert av fullmaktsgjevaren si verksemd i Norge. At dette er uklårt kan ha medverka til at ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12 ikkje har vore nytta i innkrevingssamanheng.

Etter departementet si vurdering trengst det ikkje ein ansvarsregel slik regelen lyder i dag. Ansvarsregelen kan òg reise EØS-rettslege problemstillingar. Departementet foreslår difor at ansvarsregelen i skattebetalingslova § 16-12 vert oppheva, og at endringa tek til å gjelde straks.

## 12 Endring i folkeregisterloven, kontaktopplysningar for dødsbu

Departementet gjer framlegg om at informasjonselementet «kontaktopplysningar for dødsbu» i folkeregisterloven § 3-1 fyrste ledd bokstav f, ikkje skal vere underlagt teieplikt i Folkeregisteret.

Utgangspunktet i folkeregisterloven er at opplysningar i Folkeregisteret er underlagde teieplikt, og at dei opplysningane som ikkje er underlagde teieplikt vert lista opp i lova, jf. folkeregisterloven § 9-1. Kontaktopplysningar for dødsbu er underlagde teieplikt. Folkeregisteret kan berre gje ut opplysningar som er underlagde teieplikt til offentlege styresmakter og verksemder, og til private verksemder som har heimel i lov til å hente ut opplysningar frå Folkeregisteret utan at teieplikta hindrar dette, jf. folkeregisterloven § 10-2.

Informasjonen som vert registrert i Folkeregisteret som kontaktopplysningar for dødsbu gjeld den personen eller den organisasjonen som har motteke den originale skifteattesten frå domstolen. Der ein har fødselsnummer eller d-nummer, vert dette registrert, elles vert fødselsdato og namn registrerte. Adressa til vedkomande vert henta frå Folkeregisteret. Dersom vedkomande ikkje har fødsels- eller d-nummer, er det adressa opplyst frå tingretten som vert registrert. For organisasjonar er det organisasjonsnamn og organisasjonsnummer, og den adressa som er oppgjeven, som vert registrert.

Den informasjonen som vert registrert som kontaktopplysningar for dødsbu i Folkeregisteret er ikkje underlagd teieplikt i domstolane. Domstolane vil ved førespurnad gje informasjon om namn og adresse på den som har motteke skifteattesten. Dersom vedkomande kontaktar Folkeregisteret i staden, vil han eller ho ikkje få tilgang til denne informasjonen med mindre vedkomande har heimel i lov til å få informasjonen utdelt.

Departementet ser det som uheldig at tilgangen til denne informasjon skal vere avhengig av kva offentleg instans som vert kontakta. Omsynet til harmonisering av lovverket talar for at kontaktopplysningar for dødsbu ikkje skal vere underlagde teieplikt i Folkeregisteret.

Reglane om teieplikt i folkeregisterloven er viktige av omsynet til personvernet. Det er naudsynt med klåre reglar om kva informasjon som er underlagd teieplikt og kva informasjon som ikkje er det. Reglane om utlevering av informasjon frå Folkeregisteret korresponderer med reglane om teieplikt, slik at ikkje teieplikta vert uthola av reglar om innsyn og utlevering av informasjon. Etter eit dødsfall vil det vere behov for å klårgjere kva som skal skje med aktiva og passiva etter den avlidne, inkludert til dømes forsikringsytingar som fyrst kan realiserast etter dødsfallet. Det er ingen eigne reglar for ein kreditors rett til innsyn i skiftesaker. Ved at kontaktinformasjonen er eit informasjonselement i Folkeregisteret, er det lagt til rette for ei automatisk behandling og utlevering av informasjonen, medan dette er gjenstand for manuell behandling i domstolane.

Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre tungtvegande argument for at kontaktopplysningar for dødsbu skal vere underlagde teieplikt i Folkeregisteret. Framlegget har vore på høyring, og ingen høyringsinstansar hadde innvendingar. Informasjon om mottakar av skifteattest er fritt tilgjengeleg frå domstolane, og det bør vere samsvarende tilgang til informasjonen dersom ein kontaktar Folkeregisteret i staden.

Framlegget vil ha avgrensa administrative og økonomiske konsekvensar. Departementet syner til framlegg om endring i folkeregisterloven § 9-1 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 13 Tilskot ved avbroten permittering – oppmodningsvedtak nr. 761 (2020–2021)

I samband med behandlinga av Prop. 94 LS (2020–2021) *Endringer i lov 23. juni 2020 nr. 99 om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)*, fatta Stortinget 11. mars 2021 følgjande oppmodningsvedtak (vedtak nr. 761):

«Stortinget ber regjeringen i løpet av april gjøre en vurdering sammen med partene av hvordan smittesituasjonen og vaksinerings-tempoet påvirker de økonomiske utsiktene, og dermed behovet for forlengning og eventuelle andre justeringer av lønnsstøtteordningen, og komme tilbake til Stortinget med en egen sak.»

Ordninga med tilskot ved avbroten permittering vart innført våren 2020. Arbeidsgjevarar som tok tilbake permitterte tilsette i månadane juli og august 2020, kunne søkje tilskot for desse månadene. Ordninga vart seinare vidareført for månadene oktober, november og desember 2020. Vilkåra for å kunne få tilskot under dei to periodane var samanfallande. Ei ny ordning for tilskot ved avbroten permittering vart innført for perioden 15. mars til 30. juni 2020, sjå Prop. 94 LS (2020–2021). Ordninga er i stor utstrekning lik tidlegare ordning, men gjev høgare tilskot per tilsett som vert teken tilbake frå permittering, og er meir fleksibel. Etter at ordninga vart lansert, er det igjen innført nye, strenge nasjonale smitteverntiltak som gjer at fleire bedrifter truleg er tilbakeholdne med å ta eigne tilsette tilbake frå permittering.

I Prop. 94 LS (2020–2021) drøfta departementet insentivverknadene i tilskotsordninga i samspel med kompensasjonsordninga. Bedrifter som mottek støtte frå båe ordningane, og som kan ta mange tilsette tilbake frå permittering, kan vere tente med å halde omsetninga unødig låg for å hindre at dei mistar støtte. Departementet átvara mot å vidareføre ordninga inn i sommaren i lys av desse insentivutfordringane, og på bakgrunn av utsiktene for reduserte smitteverntiltak, vaksinerings og gjenopninga av samfunnet. Når gjenopninga av samfunnet no er forseinka, meiner

regjeringa at det er grunnlag for å utvide vindauget for ordninga. Regjeringa foreslår samstundes å vidareføre kompensasjonsordninga med enkelte justeringar i berekningsmodellen for å forbetre insentivverknadene i samspelet mellom dei to ordningane.

Regjeringa vil forlengje tilskotsordninga med to månader, det vil seie for juli og august 2021. Talet på dagar den enkelte tilsette kan få tilskot for er uendra på 108 dagar (talet på dagar i perioden frå 15. mars til 30. juni). Når ordninga no vert foreslått forlenga må det innførast ei øvre grense på maksimalt tilskot for dei to nye månadene ordninga gjeld for. Regjeringa ser òg behovet for å fastsetje ei øvre grense på det samla tilskotet eitt selskap kan få under ordninga. Samla tilskot etter gjeldande ordning er maksimalt 9,4 mill. kroner for perioden 15. mars til 30. april 2021, og maksimalt 12,5 mill. kroner for perioden 1. mai til 30. juni 2021. Regjeringa gjer framlegg om at maksimalt tilskot for perioden 1. juli til 31. august 2021 skal vere 12,5 mill. kroner. Regjeringa gjer òg framlegg om at den øvre grensa på selskapsnivå skal tilsvare den samla verdien av det maksimale tilskotet i dei to fyrste periodane. Dette inneber at eitt selskap ikkje kan få tilskot utover 21,9 mill. kroner samla for perioden 15. mars til 31. august 2021. Forlenginga er òg omtalt i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett 2021*. Regjeringa ser etter dette oppmodningsvedtaket som utkvittert.

Framlegget vil ha avgrensa administrative og økonomiske konsekvensar. Departementet syner til framlegg om endring i lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet) § 2 fyrste og tredje ledd, § 5 fjerde og sjuande ledd og § 6A femte ledd bokstav c. Føresett at lovendringa vert vedteken, vil departementet endre reglane for maksimalt tilskot ved endring av forskrift til utfylling og gjennomføring av lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet) (FOR-2020-06-29-1420) § 3-6. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 14 Endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020

I samband med at regjeringa gjer framlegg om endringar i korleis tilskotet skal reknast ut under den generelle kompensasjonsordninga frå juli 2021, er det grunn til å endre ordlyden i lova.

Gjeldande regel er å rekne ut tilskotet for ei verksemd ved å ta dei relevante faste kostnadene og multiplisere med verksemda sitt fall i omsetnad og ein justeringsfaktor.

Endringa inneber å justere modellen for utrekning slik at støttebeløpet stig lineært frå null ved terskelen for støtte (30 pst. fall i omsetnad) og opp til eit visst nivå av faste uunngåelege kostnader når verksemda er heilt stengt og ikkje har omsetnad. Føremålet med endringa er å redusere uheldige insentivverknader rundt terskelverdien på 30 pst., trappe ned samla støttenivå, men samstundes halde oppe eit akseptabelt støttenivå for verksemder som er heilt stengde ned.

Framlegget i omtalen under kap. 900 post 85 er å gå over til ein modell frå juli 2021 der det ikkje i same grad som no er ein vesentleg terskeleffekt ved fall i omsetnaden på 30 pst. Regjeringa fore-

slår å rekne ut tilskotet ved bruk av omtrent same formel, men ikkje ved å multiplisere med fall i omsetnad, men heller med fall i omsetnad utover ei nærare fastsett grense. Framlegget er at frå juli skal ein trekkje frå 30 prosentpoeng frå fall i omsetnad i prosent. Dette representerer ei viss nedtrapping av støttenivået i dag. Føresetnaden om at verksemda har hatt eit fall i omsetnad på minst 30 pst for å falle inn under ordninga gjeld framleis. Følgjande justerte formel for utrekning vert lagd til grunn:

$$\text{Støtte} = \text{Faste uunngåelege kostnader} \times (\text{fall i omsetnad i prosent} - 30) / 100 \times \text{faktor}$$

For å få ein ordlyd i lova som dekkjer både korleis tilskotet vert rekna ut under gjeldande formel og under ein mogleg ny formel frå juli 2021, foreslår regjeringa ei mindre endring i § 6. Dei andre føresegnene i lova vert ikkje endra. Det vert vist til framlegg om endring i § 6 i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020. Regjeringa foreslår at lova tek til å gjelde straks.

## 15 Omtalesaker

### 15.1 Høyring av framlegg til ny opsjonsskatteordning for selskap i oppstarts- og vekstfasen

Regjeringa vil bidra til ny vekst, omstilling og nyskaping på vegen ut av koronakrisa. Regjeringa er difor oppteken av å leggje til rette for oppstarts- og vekstselskap.

Arbeidsgjevarar kan ynskje å tilby sine tilsette opsjonar som ein del av den samla løna. Dette kan kome av at selskapet har svak likviditet eller at arbeidsgjevar meiner at dette fremjar ytinga til den tilsette og dermed verdiskapinga i selskapet. Regjeringa ynskjer å leggje særskilt til rette for slike ordningar i selskap i oppstarts- og vekstfasen. Difor fekk regjeringa innført ei ny og særskilt gunstig ordning for skattlegging av opsjonar til tilsette i små, nystarta selskap i samband med statsbudsjettet for 2018. Ordninga vart utvida i samband med statsbudsjettet for 2020 og Revidert nasjonalbudsjett 2020. Departementet vil sende på høyring framlegg til ei ny og meir gunstig ordning for tilsetteopsjonar for selskap i oppstarts- og vekstfasen, med sikte på at den nye ordninga skal gjelde frå 2022.

Tal frå Skatteetaten syner at gjeldande ordning vert nytta lite i høve til det høge talet på selskap som kan nytte ordninga. Dette vert sett i samanheng med at gjeldande ordning kan verke komplisert og lite føreseieleg for selskapet og dei tilsette. Ordninga er òg avgrensa til relativt små og unge selskap. Dette har vore oppattakande innspel frå aktørar i bransjen. Det har difor vore viktig i utforminga av den nye ordninga at ho skal vere enkel å forstå og nytte både for selskapet og den tilsette, og at fleire selskap skal kunne nytte ordninga. Den nye ordninga vil liggje tett opptil den noverande svenske ordninga for tilsetteopsjonar i oppstartsselskap.

Den nye ordninga vil vere enklare og gunstigare enn den gjeldande ordninga i Noreg for små oppstartsselskap. Fleire av vilkåra i den gjeldande ordninga vil òg vere vilkår under den nye ordninga, men grensene for kva selskap som kan nytte ordninga, vert vesentleg utvida. Med det fangar ein opp fleire selskap i vekstfasen i tillegg

til oppstartsselskap. Den nye ordninga vil omfatte selskap med 50 eller færre årsverk og 80 mill. kroner eller mindre i samla driftsinntekter og i balansesum. Til samanlikning er desse grensene under gjeldande ordning 25 årsverk og 25 mill. kroner i samla driftsinntekter og i balansesum. Under gjeldande ordning kan ikkje selskapet vere eldre enn seks år i tildelingsåret. Denne grensa vert foreslått til ti år i den nye ordninga. Som under gjeldande ordning kan opsjonen løysast inn i aksjar tidlegast tre år og maksimalt ti år etter tildelinga.

Den største endringa i den nye ordninga er knytt til modellen for skattlegginga. I den nye ordninga vert den tilsette ikkje skattlagd ved tildelinga eller ved innløysinga av opsjonen. Skattlegginga skjer fyrst når den tilsette realiserer aksjane. Då vert den samla økonomiske fordelten den tilsette oppnår, fullt ut skattlagd som aksjeinntekt. Dette gjer ordninga skattemessig gunstigare og meir føreseieleg enn dagens ordning. Under gjeldande ordning vert verdistigning frå tildeling og fram til innløysing av opsjonen skattlagd som lønsinntekt, og samla fordel og gevinst over 1 mill. kroner vert skattlagd ved innløysinga.

I den nye ordninga må aksjane verdsetjast ved tildelinga av opsjonen, og den avtalte innløysingskursen for opsjonen kan ikkje setjast lågare enn marknadsværdien av aksjen ved tildelinga. Det vil vere ei øvre grense for selskapet på verdien av dei underliggjande aksjane knytte til utferda opsjonar under ordninga. Det vil på tilsvarande måte vere ei øvre grense for verdien av dei underliggjande aksjane knytte til utferda opsjonar under ordninga for den enkelte tilsette. Det er aksjeverdien på tildelingstidspunktet som er avgjerande. Om samla verdi av dei underliggjande aksjane seinare skulle verte høgare fordi aksjane stig i verdi, påverkar ikkje dette om grensene som gjeld for selskapet og for den tilsette, vert rekna som overhaldne. Selskapet må rapportere tildeling av opsjonar til Skatteetaten.

Den foreslåtte opsjonsskatteordninga utgjer statsstøtte etter reglane i EØS-avtalen. Ordninga krev difor notifisering til og godkjenning frå ESA før ho kan setjast i verk.

Regjeringa tek sikte på å gjere framlegg til ny ordning for tilsetteopsjonar i selskap i oppstarts- og vekstfasen i statsbudsjettet for 2022, etter at høyringa er gjennomført.

Røynslene med den nye modellen for tilsetteopsjonar i selskap i oppstarts- og vekstfasen kan kome til nytte i ei eventuell framtidig vurdering av skattereglane for tilsetteopsjonar.

## 15.2 Strategi for å avvikle ordninga med utsett betaling av skatte- og avgiftskrav m.m.

Den mellombelse utsetjingsordninga for betaling av skatte- og avgiftskrav m.m. vart innført i juni 2020 for å dempe likviditetsbelastninga for føretak og næringsdrivande som er ramma økonomisk av koronapandemien og smitteverntiltaka, sjå omtale i Prop. 107 LS (2019–2020) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollgivinga*. Ordninga opnar for ei forenkla behandling av søknader med mindre strenge vilkår enn etter dei ordinære reglane for betalingsutsetjing. Den mellombelse ordninga er mindre ressurskrevjande enn den ordinære ordninga, og ho legg til rette for at fleire raskt kan få betalingsutsetjing. Etter ordninga kan det gjevast utsetjing for dei fleste skatte- og avgiftskrav, og for krav som vert kravd inn etter lov om Statens innkrevingssentral.

Ordninga vart forlenga til 30. juni 2021 ved behandlinga av Prop. 79 S (2020–2021). Allereie utsette krav vart då automatisk innvilga utsetjing til 30. juni 2021. Vidare vart det opna for at nye krav med forfall fram mot 30. juni 2021 kan få utsetjing, med unntak for krav på meirverdiavgift med forfall etter 12. april 2021. Krav som er omfatta av utsetjingsordninga, får ei avdragsordning i seks månader rekna frå 30. juli 2021. Det vert rekna ordinær forseinkingsrente på krava, som for tida er på 8 pst., sjå omtale i Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)* og Prop. 79 S (2020–2021).

Ifølgje tal frå Skattedirektoratet er det utsette krav i den mellombelse ordninga på om lag 5,5 mrd. kroner per 30. april 2021. Utsetjing av meirverdiavgift står for i underkant av 80 pst., medan utsetjingar av arbeidsgjevaravgift står for i overkant av 10 pst. av dei samla utsetjingane.

Stortinget har i Innst. 233 S (2020–2021) bede regjeringa vurdere større openheit om verksemdar som har fått innvilga utsetjing, dersom det skulle verte aktuelt med ytterlegare utsetjingar av den mellombelse ordninga.

Regjeringa foreslår at det vert lagt ein strategi for å avvikle den mellombelse ordninga med betalingsutsetjing for skattar og avgifter m.m. på ein måte som aukar høvet for fleire til å handtere dei utsette beløpa. Ordninga bør ikkje forlengjast lenger enn høgst naudsynt. Det er utsikter til at samfunnet går over i ein meir normalisert situasjon frå sommaren. Etter kvart vil difor behovet for å tilføre likviditet gjennom skatteutsetjingar vere betydeleg redusert.

Det kan verte krevjande for næringsdrivande å betale inn nye krav samstundes som dei skal betale inn utsette krav, som kan strekke seg eit år tilbake i tid for enkelte føretak. Det talar for å byrje ordinær innkrevjing av nye krav så snart som mogleg. Det bør difor heller skyvast på dato for oppstart av innbetaling av dei gamle, utsette krava, eventuelt med forlenga avdragsperiode, framfor å ta nye krav inn i ordninga.

Departementet foreslår at den mellombelse ordninga vert fasa ut for alle nye krav frå og med 30. juni 2021. Meirverdiavgiftskrav er allereie fasa ut frå 12. april 2021. Departementet vil peike på at skuldnarar framleis kan søkje om utsetjing etter dei ordinære reglane. Dette får i fyrste omgang betydning for meirverdiavgift med forfall 10. juni 2021 og arbeidsgjevaravgift med forfall 15. juli 2021.

Det er ikkje ynskjeleg å skyve på oppstart av innbetalinga av gamle krav veldig lenge. Innkrevjing vert tyngre jo eldre restansane er, og staten taper prioritet på fleire krav ved eventuelle konkursar. For å lette innbetalinga vil det vere betre at skuldnarar byrjar å betale inn noko av krava, og at avdragsperioden vert forlenga. Det kan bidra til å avdekkje om selskapet er levedyktig og hindre at ein held ikkje-levedyktige selskap for lenge i live, noko som kan hindre omstilling. Departementet foreslår difor å utsetje oppstart av innbetaling av gamle, utsette krav med ytterlegare 3 månader, det vil seie til 31. oktober 2021, samstundes som det vert opna for at avdragsperioden aukar frå 6 til 12 månader. Departementet foreslår ikkje endringar i renta. Det bør nyttast ordinær forseinkingsrente for å unngå at skuldnarar nedprioriterer skatte- og avgiftskrav til fordel for private krav.

Ettersom departementet no foreslår å avvikle ordninga for nye krav, er det mindre aktuelt å vurdere allmenn openheit om betalingsutsetjingar. Opplysningar om skatte- og avgiftsrestansar, mellom anna betalingsutsetjingar, er omfatta av teieplikt. Teieplikta bidreg til å styrkje skuldnarane sin rettstryggleik og personvern ved å setje grenser for utlevering av opplysningar om økonomiske og personlege forhold. Samstundes er det ordningar som legg til rette for at oppdragsgjevarar og

Tabell 15.1 Framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2021 og verknad for kommunesektoren etter framlegg om endringar i den mellombelse utsetjingsordninga for skatte- og avgiftskrav m.m.

Kapittel/post	Skatte- og avgiftsart	Provenyreduksjon i 2021
5501/70	Trinnskatt m.m.	60
5501/72	Fellesskatt m.m. frå personar	100
5501/74	Selskapsskattar m.m. frå upersonlege skattytarar	240
5521/70	Meirverdiavgift <sup>1</sup>	3 670
5700/72	Arbeidsgjevaravgift	490
Kommunesektor	Skatt frå personar	90
	<b>Totalt</b>	<b>4 650</b>

<sup>1</sup> Departementet anslår at endringane i reglane for utsett betaling av skatt og avgift gjer at inntekter frå meirverdiavgifta vert reduserte med 3520 mill. kroner som følgje av forskyvd betaling frå 2021 til 2022. I tillegg gjev endringane i reglane eit proveny- tap på om lag 150 mill. kroner som budsjetteknisk vert ført på kapittel 5521, post 70.

Kjelde: Finansdepartementet.

andre med behov, kan få informasjon om skatte- og avgiftsrestansar. Skatteetaten har mellom anna inngått samarbeidsavtaler med enkelte større oppdragsgjevarar om at oppdragsgjevarane sine underleverandørar må samtykkje i at Skatteetaten kan levere ut denne typen opplysningar til oppdragsgjevar. Òg utan slike avtalar kan mellom anna oppdragsgjevarar og kredittutarar få opplysningar om skatte- og avgiftsrestansar ved å stille krav om skatteattest.

Å lovfeste unntak frå teieplikt, slik at innvilga betalingsutsetjingar vert allment tilgjengelege, kunne vore aktuelt dersom det er vesentleg risiko for misbruk av ordninga. Etter departementet sitt syn er det ikkje slik risiko for denne ordninga. Utsetjingsordninga gjev ingen utbetalingar, ho er mellombels, og skuldnarar skal til slutt betale krava med ei forseinkingsrente på 8 pst. for å dekkje noko av risikoen for misleghald.

Departementet anslår at utsetjingsordninga vil omfatte om lag 6 mrd. kroner per 30. juni 2021. Utsett oppstart av innbetaling til 31. oktober 2021 og utviding av avdragsperioden til 12 månader vil kunne føre til at innbetaling av 4,5 mrd. kroner i ordninga vert utsett til 2022. Skatteinntektene aukar då med 4,5 mrd. kroner i 2022 og vert reduserte tilsvarende i 2021. Ei slik forskyving av skatteinntekter mellom år får ikkje noko å seie for det strukturelle skattenivået, og endrar ikkje skatteinntektene når ein ser 2021 og 2022 samla.

Det er i hovudsak staten sine skatteinntekter som vert påverka. Verknadene for kommunesektoren er relativt små. Tabell 7.1 syner framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2021 fordelt på kapittel og post. Framlegga er innarbeidde i

Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet for 2021*.

Utsett oppstart av innbetaling og utviding av avdragsperioden aukar faren for misleghald, og for at staten tapar prioritet ved eventuelle konkur- sar på fleire krav. Forlenga avdragsperiode gjev på den andre sida auka renteinntekter. På usikkert grunnlag anslår departementet at framlegget gjev eit provenytap på om lag 150 mill. kroner i 2021.

### 15.3 Utsett betaling av frekvensavgift for 2021 og 2022 for Ice

Mobilselskapet Ice fekk i 2020 utsett betalinga av uteståande auksjonsproveny frå auksjonen av frekvensar i 700 MHz- og 2,1 GHz-banda i 2019, sjå omtale i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021*. Selskapet fekk òg utsett betalinga av alle frekvensavgifter for 2021 og 2022 for frekvensar som selskapet disponerer.

Utsetjingane vart gjevne på grunn av den negative verknaden koronapandemien hadde på Ice si finansiering av det tredje mobilnettet i Norge, og utfordringar selskapet opplevde med å hente inn pengar i finansmarknaden. Eit vilkår for utsetjingane er at Ice investerer minst 259 millio- nar kroner i utbygging av det tredje mobilnettet i åra 2020–2022. Tiltaket er godkjent av EFTA sitt overvåkingsorgan, ESA.

Det er eit mål å leggje til rette for tre konkur- ransedyktige mobilnett i Noreg. Det tredje mobilnettet bidreg til å styrkje sikkerheita i ekom- netta, som er ein samfunnskritisk infrastruktur. Tre mobilnett vil styrkje konkurransen i den

norske mobilmarknaden og med tida gje fleire val, lågare prisar og meir tenesteinnovasjon for forbrukarar og føretak i heile landet. Utsetjingane var naudsynte for å unngå at utbygginga av det tredje mobilnettet vart sett i fare.

Utsett betaling av frekvensavgifter er innarbeidd i anslaget for kap. 5583, post 70 Avgift på frekvenser m.m. i Prop. 1 S (2020–2021) *Statsbudsjettet 2021*.

#### 15.4 Avgift på forbrenning av avfall

Ved behandlinga av statsbudsjettet 2021 vedtok Stortinget at frå den tida departementet bestemmer, skal det innførast ei avgift på forbrenning av avfall med ein sats tilsvarende 25 pst. av det generelle CO<sub>2</sub>-avgiftsnivået, jf. Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 10.10 og Innst. 3 S (2020–2021) punkt 10.10.

For å unngå dobbel verkemiddelbruk, er forbrenning av avfall som gjev kvotepliktig utslepp, ikkje omfatta av avgifta. Departementet la til grunn at unntaket for kvotepliktig utslepp ikkje utgjer statsstøtte, jf. Prop. 1 LS (2020–2021). Departementet meinte likevel at statsstøttespørsmålet burde avklarast med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før avgifta tek til å gjelde. Departementet er framleis i dialog med ESA om saka, og avgifta er difor enno ikkje satt i verk.

I samband med behandlinga av Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030* fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen om at avgiften på avfallsforbrenning må flyttes tidligere i verdikjeden for både å stimulere til mindre volum på avfall og for å håndtere avfallet i Norge.»

Vedtaket er grunngeve med at avgifta bør leggjast på produsent- eller konsumentleddet, då det er desse gruppene som er årsaka til at det oppstår ikkje-resirkulerbart avfall, jf. Innst. 325 S (2020–2021). Det er ikkje konkretisert korleis ei slik avgift eventuelt skal utformast, men erfaringar frå tidlegare utgreiingar tilseier at ei avgift på produsent- eller konsumentleddet vil kunne ha store økonomiske og administrative konsekvensar for importørar, produsentar og avgiftsstyresmakter. Til dømes har Toll- og avgiftsdirektoratet greia ut ei avgift på plast i drikkevareemballasje, jf. Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016* punkt 9.17. Ei slik avgift vil omfatte svært mange produkt og vil avgiftsteknisk vere krevjande å utforme og kontrollere.

I statsbudsjettet for 2021 vart det budsjettert med at avgifta skulle gjelde frå 1. januar 2021. Det er venta at det vil ta tid å få avklart spørsmålet om statsstøtte med ESA. Utsett innføring gjev difor eit provenytap, samanlikna med vedtatt budsjett. På bakgrunn av den uavklarte prosessen med ESA, vert det i budsjetteringa i Revidert nasjonalbudsjett 2021 lagt til grunn at avgifta på forbrenning av avfall ikkje vert innført i 2021. Det vil gje eit provenytap på 120 mill. kroner påløpt og 110 mill. kroner bokført i 2021 i høve til saldert budsjett.

#### 15.5 CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon m.m.

Ved behandlinga av statsbudsjettet 2021 vedtok Stortinget at frå den tida departementet bestemmer, men tidlegast 1. juli 2021, vert dei reduserte satsane i CO<sub>2</sub>-avgifta for naturgass og LPG til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar auka frå 0 til 25 pst. av dei generelle satsane. Samstundes vert det innført eit nytt avgiftsfritak for naturgass og LPG til slike prosessar, dersom bruken gjev kvotepliktige utslepp etter klimakvotelova. Det er budsjettert med at endringane gjev eit proveny på 6 mill. kroner påløpt og 5 mill. kroner bokført i 2021.

Vedtaket inneber at ikkje-kvotepliktige utslepp frå naturgass og LPG til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar vert omfatta av CO<sub>2</sub>-avgifta, medan kvotepliktige utslepp frå naturgass og LPG til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar framleis vil vera friteke for CO<sub>2</sub>-avgift.

Departementet la til grunn at fritak for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til kjemisk reduksjon og elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosessar og som gjev kvotepliktige utslepp etter klimakvotelova, ikkje utgjer statstøtte, jf. Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 10.9.4. Departementet meinte likevel at fritaket burde avklarast med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før det tek til å gjelde.

Departementet er framleis i dialog med ESA om saka, men legg til grunn at endringane kan ta til å gjelde frå 1. juli 2021, slik som føresett av Stortinget.

#### 15.6 Elavgift og fritaket for solkraft

I Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 10.6 er det varsla om eit arbeid med

sikte på endring av solkraftfritaket i elavgifta, jf. Stortingets vedtak om avgift på elektrisk kraft romartal I § 2 fyrste ledd bokstav k. Målet med arbeidet er å leggje til rette for varsla endringar i plusskundeordninga under Olje- og energidepartementet.

Solkraft er i dag friteke for elavgift når krafta er til eigen bruk, produsert ved eigne solceller-anlegg og går direkte via internt leidningsnett frå solceller-anlegget til bygninga til forbrukaren. Vilkåret om eige leidningsnett er fastsett i forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-12-7. Det kan gjere det vanskeleg mellom anna for bustadselskap å nytte fritaket. Årsaka er at abonnentane normalt får elektrisiteten levert over det ordinære leidningsnettet.

Føresegn om plusskundeordninga følgjer av forskrift om kontroll av nettvirksomhet under Olje- og energidepartementet. Ordninga legg til rette for at straumkundar kan produsere og forbruke eigen straum. Plusskundar betalar ikkje fastledd for innmating, og kan måle og rekne av innmating og uttak i eit sams målepunkt. I Innst. 207 L (2015–2016) tok Stortinget til orde for at ordninga bør leggjast betre til rette for bustadselskap. For å følgje opp innstillinga og formuleringar i Granavolden-plattformen om gradvis å styrkje mogelegheitene for eigenprodusert energi mellom anna for bustadselskap, har Olje- og energidepartementet varsla om høyring av framlegg om endringar i forskrift om kontroll av nettvirksomhet. Framlegget inneber at kundar i same bygning får mogelegheit til å dele eigenproduksjon av straum i bygninga.

Av omsyn til varsla endringar i plusskundeordninga vil departementet sende på høyring framlegg om at vilkåret om eige leidningsnett i solfritaket vert oppheva. Framlegget vil innebere ein øvre terskel for installert kapasitet/effekt i solceller-anlegget som vilkår for og avgrensing av fritaket. Forbrukarar som produserer solkraft innanfor terskelen, og som nyttar kraftproduksjonen til eigen bruk der den er produsert, men som i enkelttimar mater overskotskraft på nettet, får fritak for eigen bruk av solkraft. Nettselskapa vil kunne fastsetje elavgifta etter forbruk utover produksjonen til eigen bruk rekna av netto over timen for dei som ligg innanfor terskelen. Forbrukarar knytt til det ordinære straumnettet som har anlegg over terskelen, vil ikkje få fritak for solkraft til eigen bruk.

Framlegg om endringar i elavgifta vert på denne bakgrunn så snart som mogleg send på høyring. Høyringa om endringar i elavgifta vil skje samstundes med høyring om endringar i forskrift

om kontroll av nettvirksomhet under Olje- og energidepartementet.

Endringar i elavgifta vil ikkje ta til å gjelde før i 2022. Endringane vil dermed ikkje påverke budsjettet for 2021.

## 15.7 Avgift på alkoholfrie drikkevarer

Avgifta på alkoholfrie drikkevarer omfattar drikkevarer som er tilsette sukker eller kunstig søtstoff. Avgifta vert rekna med ein sats per liter. I samband med budsjettet for 2021 vedtok Stortinget å differensiere avgifta etter sukkerinnhaldet i drikkevarane. Differensieringa inneber fleire avgifts-satsar slik at drikkevarer med mest sukker får uendra avgift, medan varer som er tilsette mindre sukker eller berre kunstig søtstoff, får lågare avgift.

Av omsyn til næringa og for å få avklara avgifta med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA), vedtok Stortinget at endringa gjeld frå 1. juli 2021. Departementet har hatt dialog med ESA om saka. På grunnlag av dialogen legg departementet til grunn at differensiering av avgifta er i samsvar med statsstøtteregulverket. Departementet syner til at omlegginga inneber at avgifta no i hovudsak er ei helsegrunna avgift.

Framlegg til endringar i forskrift om særavgifter har vore på høyring. Nokre høyringsinstansar uttaler seg om nivået på avgifta og sjølve avgiftsomlegginga. Dette er forhold som allereie er vedteke av Stortinget.

Fleire høyringsinstansar meiner at mjølkeprodukt som er tilsett sukker, kjem uheldig ut av avgiftsomlegginga. Dette fordi mjølkeprodukt inneheld naturleg sukker og avgifta skal reknast etter den samla mengda sukker i produktet.

Denne problemstillinga gjeld ikkje berre mjølk og mjølkeprodukt, men òg andre produkt som inneheld naturleg sukker og er tilsett sukker, mellom anna saft og nektar. Dei fleste mjølkeprodukt er ikkje tilsett sukker eller søtstoff og er difor ikkje avgiftspliktige. Differensiering av avgifta skal vere eit insentiv til å redusere sukkerinnhaldet i produkta. Insentivet bør òg gjelde mjølkeprodukt. Departementet gjer difor ikkje no framlegg om eigne nye reglar for mjølk. Departementet vil likevel vurdere spørsmålet vidare og eventuelt kome tilbake til saka.

Fleire høyringsinstansar har kommentert dei konkrete framlegga til endringar i forskrift om særavgifter. Departementet vil vurdere desse nærare før forskrifta vert vedteken.

Endringa tek til å gjelde frå 1. juli 2021 som vedteke av Stortinget. Provenyverknaden av vedtaket er innarbeida i saldert budsjett for 2021.

### **15.8 Eingongsavgift på bubilar – oppmodingsvedtak nr. 173 (2020–2021) og 785 (2019–2020)**

I samband med budsjettet for 2021 fatta Stortinget følgjande oppmodingsvedtak (vedtak 173):

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket for at campingbiler/bobiler med europeisk type-godkjenning automatisk skal godkjennes for registrering i Norge utan fremstilling for enkeltgodkjenning hos trafikkstasjon, og legge frem forslag for hvordan det kan gjeres senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett i 2021.»

Oppmodingsvedtaket var ein del av budsjettforliket mellom regjeringspartia og Framstegspartiet. Vedtaket gjeld i utgangspunktet dei tekniske sidene ved registrering av bubilar, men har òg ei side til eingongsavgifta.

Vedtaket må sjåast i samanheng med oppmodingsvedtak 785, som vart fatta i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020:

«Stortinget ber regjeringen legge frem endringar i regelverk for campingbiler som åpner for at antall sitteplasser kan overstige antall liggeplasser. De øvrige kriteriene justeres ved behov. Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til endringer snarest mulig og senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2021.»

Ein betalar eingongsavgift fyrste gong eit køyretøy vert registrert i motorvognregisteret. Dei avgiftspliktige køyretøya er delt inn i ni grupper med ulik avgift og berekningsgrunnlag. Til dømes er eingongsavgifta for bubilar 22 pst. av avgifta for personbilar. Forskjellen i avgift gjer det naudsynt med reglar som skil dei ulike køyretøya frå kvarandre. Reglane om dette følgjer den tekniske inndelinga til vegstyresmaktene, som er basert på EUs reglar om godkjenning av køyretøy. Dei fleste bubilar som vert registrerte i Noreg, er typegodkjente som bubilar etter EUs regelverk.

Den tekniske inndelinga av køyretøy er ikkje laga med omsyn til avgift, og må difor supplerast

med eigne avgiftsmessige krav der det er naudsynt. Dette gjeld mellom anna for varebilar og bubilar, sidan den tekniske inndelinga gjer det mogleg å klassifisere køyretøy som er reelle alternativ til personbilar, som varebilar og bubilar. I forskrifta til eingongsavgifta er det ein eigen definisjon av «campingbil». Her vert det mellom anna stilt krav til innvendig takhøgde, sengeplassar og anna utstyr. Dei særlege krava, og det omstende at bubilar ofte er individuelt tilpassa, gjer at bubilar i regelen må synast for trafikkstyresmaktene og godkjennast enkeltvis når dei registrerast i motorvognregisteret. Dette er ei tungvinn løysing både for vegstyresmaktene og for brukarane.

Finansdepartementet har bede Skattedirektoratet vurdere moglege endringar som gjer det enklare å få godkjent bubilar, og om definisjonen av bubilar som vert nytta i avgiftssamheng kan leggjast nærare regelverket for typegodkjenning. Direktoratet har vurdert dette i samråd med Statens vegvesen. Dei tilrår at definisjonen etter regelverket for typegodkjenning òg vert nytta i avgiftssamheng, og at denne vert supplert med særskilde krav baserte på opplysningar som er tilgjengelege i typegodkjenninga. Direktoratet har mellom anna foreslått at det vert stilt krav til utvendig høgde på køyretøyet.

Med desse endringane vil det ikkje lenger vere naudsynt å godkjenne køyretøy med europeisk typegodkjenning som bubilar enkeltvis når dei vert registrert i motorvognregisteret. Det vil òg vere mogleg å registrere bubilar med europeisk typegodkjenning for bruk av fleire personar enn det er sengeplassar.

Etter omlegginga vil det òg finnast typegodkjente bubilar som må registrerast som personbilar. Dette gjeld i fyrste rekkje dei minste bubilane, og er naudsynt for å hindra at køyretøy som eigentleg er personbilar vert registrerte som bubilar med låg avgift.

Gjeldande reglar vert, eventuelt med enkelte forenklingar, vidareført for køyretøy utan typegodkjenning som bubil. Dette er mellom anna naudsynt for å fange opp personbilar, minibussar og andre køyretøy som vert bygd om til bubilar.

Endringane vert gjennomførte i forskrift så snart det er mogleg. Regjeringa tek sikte på at det nye regelverket kjem på plass i løpet av sommaren eller tidleg hausten 2021. Med dette følgjer regjeringa opp dei nemnde oppmodingsvedtaka. Endringane er ikkje forventa å endre inntektene frå eingongsavgifta.

### 15.9 Ordninga med frivillig retting på skatteområdet (skatteamnesti)

Med frivillig retting kan skattepliktige sleppe tilleggsskatt og straff for ikkje å ha rapportert inn formue og inntekt. Den skattepliktige må gje opplysningane til skattestyresmaktene frivillig. Det inneber mellom anna at rettinga ikkje må vere ei følgje av kontrolltiltak frå skattestyresmaktene. Den skattepliktige må gje fullstendige opplysningar om formuen eller inntekta og kvar den kjem frå. Ordninga er ikkje avgrensa til tilhøve i utlandet eller skatt av ein viss storleik, men gjeld òg for norske tilhøve og mindre beløp. Den skattepliktige må betale skatten som er unndregen med renter. Skattestyresmaktene kan endre skatten for opptil ti år ved frivillig retting.

Ordninga vart innført i 1950 og fekk si nåverande form i 2010. Før dette vart tilleggsskatten berre sett ned, og storleiken på tilleggsskatten vart sett ved skjønn. Etter kvart vaks det fram ein praksis med berre éin prosent tilleggsskatt. Grunnen til dette var at skattestyresmaktene måtte påleggje tilleggsskatt for å kunne påleggje renter. Frå 2010 slepp den skattepliktige tilleggsskatt heilt om føresetnadene for frivillig retting er til stades. Endringane i 2010 var ei oppfølging av framlegg frå Tilleggsskatteutvalet i NOU 2003: 7 *Tilleggsskatt m.m.*

Dei siste åra har stadig fleire nytta ordninga med frivillig retting. Det har gjeve store skatteinntekter. Det var flest saker i åra 2016 til 2018. Etter dette har tala gått ned. Sidan 2011 har om lag 3 800 personar nytta ordninga.

Frivillig retting har vore sett på som ei praktisk ordning som balanserer ulike omsyn. Ordninga har gjort det mogleg for skattepliktige med inntekter og formue som ikkje er rapportert inn, å gjere opp for seg utan at det har vore naudsynt for skattestyresmaktene å bruke store ressursar på å avdekkje tilfella.

Mykje har endra seg sidan ordninga vart innført. Det internasjonale regelverket på skatteområdet og samarbeidet mellom skattestyresmakter i ulike land har utvikla seg mykje. Norske skattestyresmakter mottek no ei mengde opplysningar frå andre land om formuar og inntekter som norske skattepliktige har i utlandet. Opplysningane kjem både automatisk og etter krav.

Gjennom det internasjonale arbeidet for auka openheit og utveksling av opplysningar får skattestyresmaktene stadig fleire opplysningar frå utlandet. Risikoen for å verte oppdaga om ein har skjulte formuar og inntekter, har difor auka. Det har hatt ein preventiv verknad. Med auka sjanse for at skattestyresmaktene uansett får opplysningane, kan det i ein del saker reisast spørsmål ved kor frivillig rettinga er. Skattestyresmaktene er då ikkje like avhengige av frivillig retting for å fastsetje riktig skatt.

Den nemnde utviklinga gjer at det etter regjeringa sitt syn er grunn til å vurdere endringar i ordninga med frivillig retting. Finansdepartementet vil difor, i samarbeid med Skatteetaten, vurdere endringar i ordninga. Eventuelle framlegg vil verte sendt på allmenn høyring.

## 16 Opprettingar og presiseringar

### 16.1 Skatteloven § 4-13 fyrste ledd andre punktum

---

Skatteloven § 4-13 regulerer verdsetjingstidspunktet for aksjar i nokre tilfelle. Føresegna sitt fyrste ledd andre punktum slår fast at verdsetjingstidspunktet skal vere 1. januar i skattefastsettingsåret dersom aksjen året før er stroken frå «(...) notering på SMB-listen ved Oslo Børs.» SMB-lista vart avvikla for fleire år sidan. Det siterte er difor overflødig, og vert foreslått fjerna frå lovteksten.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 4-13 fyrste ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 16.2 Lovendringar som følgje av endringar i skatteloven § 4-10

---

I samband med statsbudsjettet for 2021 vedtok Stortinget endringar i skatteloven § 4-10. Det er difor naudsynt å korrigere enkelte tilvisingar til ulike ledd i denne føresegna i Svalbardskatteloven og eigedomsskattelova.

Departementet syner til framlegg om endringar i Svalbardskatteloven § 3-2 andre ledd og eigedomsskattelova § 8 C-1 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### 16.3 Skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav b

---

Skatteforvaltningsloven § 7-2 regulerer plikta til å gje opplysingar om løn m.m. for den som sjølv eller gjennom andre utbetalar eller yter fordelen. Ved lov 20. desember 2019 nr. 94 om endringer i skatteloven vart skatteloven § 5-42 fyrste ledd bokstav a og § 6-52 endra slik at underhaldsbidrag m.m. ikkje lenger er skattepliktig. Ved lov 23. juni 2020 nr. 108 vart difor skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav b endra slik at det ikkje lenger var plikt til å gje opplysningar om underhaldsbidrag.

Ved ein inkurie kom ordet «underhaldsbidrag» inn i lova igjen då skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav b vart endra i samband med at lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) vart vedteke. Departementet foreslår at feilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 16.4 Skatteforvaltningsloven § 11-2 fyrste ledd bokstav a

---

Skatteforvaltningsloven § 11-2 regulerer skattestyresmaktene si rett til å gje pålegg om revisjon. Etter fyrste ledd bokstav a gjeld denne retten «aksjeselskap der det er truffet beslutning i medhold av fullmakt etter aksjeloven § 7-6». Ved lov 16. juni 2017 nr. 71 om endringer i aksjelovgivning mv. (modernisering og forenkling) vart aksjeloven § 7-6 endra slik at det ikkje lenger er naudsynt med fullmakt. Departementet foreslår at «fullmakt» vert teke ut av skatteforvaltningsloven § 11-2 fyrste ledd bokstav a, slik at ordlyden harmonerer med endringa i aksjeloven.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteforvaltningsloven § 11-2 fyrste ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### 16.5 Merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fyrste ledd bokstav g

---

Merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fastset lova sitt verkeområde. I § 2 fyrste ledd bokstav g står det at lova gjeld «opplæring av voksne elever uten rett til videregående opplæring ved frittstående skoler etter forskrift fastsatt med hjemmel i friskolelova § 3-1 femte ledd og ved frittstående skoler som er godkjent for å drive særskilt opplæring for funksjonshemmede, jf. friskolelova

§ 3-1 andre ledd andre punktum». Tilvisinga til friskolelova § 3-1 femte ledd er feil. Riktig tilvising skal vere friskolelova § 3-1 andre ledd fjerde punktum.

Departementet foreslår at tilvisinga vert retta og syner til framlegg om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fyrste ledd bokstav g. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i eigedomsskattelova
- lov om endring i Svalbardskatteloven
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)
- lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020
- lov om endringar i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakkvarer mv.
- vedtak om avgift på viltlevende marine ressurser

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i eigedomsskattelova
- lov om endring i Svalbardskatteloven
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)
- lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020
- lov om endringar i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakkvarer mv.
- vedtak om avgift på viltlevende marine ressurser

i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## A – Forslag til lovvedtak

### Forslag til lov om endring i eideomsskattelova

I

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane vert det gjort følgjande endring:

§ 8 C-1 andre ledd skal lyde:

(2) Skattegrunnlaget for bustader vert sett til verdet (taksten) etter skatteloven § 4-10 *andre til*

*fjerde ledd* multiplisert med 0,7. Prosentdelen som nemnd i skatteloven § 4-10 *andre og tredje ledd*, skal likevel vere 100 for primærbustad og sekundærbustad.

II

Lova tek til å gjelde straks.

---

### Forslag

### til lov om endring i Svalbardskatteloven

I

I lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard vert det gjort følgjande endring:

§ 3-2 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Videre unntas §§ 2-30 til 2-32 fjerde ledd, § 4-10 *annet ledd første punktum og tredje ledd første punktum*, § 6-13 første ledd, §§ 6-18 til 6-20, §§ 6-42 til

6-44, §§ 6-47 til 6-49, § 6-61, § 10-12, § 10-31 første ledd annet punktum, reglene i § 10-34 gjelder bare i forhold til endring av aksjens kostpris, § 10-42 femte til tiende ledd, § 10-44 annet ledd annet punktum, § 16-10, samt kapittel 15 og 17.

II

Lova tek til å gjelde straks.

---

## Forslag til lov om endringer i skatteloven

## I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 4-13 fyrste ledd andre punktum skal lyde:  
Det samme gjelder såfremt selskapet det forutgående år har ervervet egne aksjer uten nedskrivning av aksjekapitalen, eller aksjen i året før skattefastsettingsåret er strøket fra notering på børs.

Ny deloverskrift til ny §§ 16-70 og 16-71 skal lyde:

**Fradrag i inntektsskatt for kildeskatt på renter og royalty mv. betalt av NOKUS-selskap**

Ny § 16-70 skal lyde:

§ 16-70 *Skattefradrag for kildeskatt på renter og royalty mv. betalt av NOKUS-selskap*

(1) *Skattyter som her i riket er skattepliktig for deltakelse i selskap som nevnt i §§ 10-60 til 10-68, kan kreve fradrag i inntektsskatt for en forholdsmessig del av den skatten selskapet har betalt etter reglene i §§ 10-80 til 10-82.*

(2) *Fradrag etter denne paragraf og § 16-71 skal foretas etter at eventuelt fradrag etter §§ 16-20 til 16-29 og §§ 16-30 til 16-33 er foretatt.*

Ny § 16-71 skal lyde:

§ 16-71 *Frem- og tilbakeføring av skattefradraget*

(1) *Ubenyttet skattefradrag etter § 16-70 kan kreves fradratt i inntektsskatt i de fem påfølgende årene. Skattefradrag etter § 16-70 for et tidligere år fradras i sin helhet før det gis fradrag for senere år. Fremført skattefradrag gis etter at det er gitt fradrag for skatt som knytter seg til vedkommende inntektsår.*

(2) *Ubenyttet skattefradrag etter § 16-70 kan tilbakeføres til fradrag i skatt i det foregående året. Tilbakeføring etter dette ledd er betinget av at skattyter sannsynliggjør at vedkommende i løpet av de fem påfølgende årene ikke vil bli skattepliktig her i riket.*

## II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 6-32 fyrste ledd bokstav b skal lyde:

b. *Minstefradrag i pensjonsinntekt, jf. § 6-31 første ledd bokstav b, gis med 37 prosent av summen av slik inntekt.*

Ny § 14-74 skal lyde:

§ 14-74 *Betinget skattefritak ved opphør av pelsdyrvirksomhet*

(1) *Gevinst ved erstatning etter lov om forbud mot hold av pelsdyr § 3, kan kreves fritatt for inntektsskatt så langt skattyter bruker vederlaget til erverv av eller påkostning på areal, bygg eller anlegg som brukes i skattyterens næringsvirksomhet eller annen inntektsgivende aktivitet. Vederlaget kan også brukes til anskaffelse av buskap på gårdsbruk. Dette gjelder likevel ikke bolig- og fritidseiendom. Departementet kan i forskrift gi regler om presisering og avgrensning av reinvesteringer etter denne bestemmelsen.*

(2) *§ 14-70 tredje, fjerde og åttende ledd gjelder tilsvarende. Fristen for reinvestering regnes fra det året hele størrelsen på erstatningen er endelig fastsatt.*

(3) *Ved oppløsning av selskap med deltakerfastsetting før utløpet av fristen for reinvestering, fordeles gevinsten som ikke allerede er reinvestert, forholdsmessig mellom deltakerne. Fristen for reinvestering etter annet ledd annet punktum fortsetter å løpe for de enkelte deltakerne. Den enkelte deltakeren kan i stedet velge at gevinsten skal skattlegges i oppløsningsåret.*

§ 16-10 fyrste ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Tilsvarende gjelder når innskuddet skal brukes til påkostninger på eller vedlikehold av egen bolig.*

§ 16-10 noverande fyrste ledd andre, tredje, fjerde og femte punktum vert tredje, fjerde, femte og nytt sjette punktum.

## III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2021.

---

## Forslag

### til lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven

## I

I lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. vert det gjort følgjande endring:

§ 2 fyrste ledd bokstav g skal lyde:

g) opplæring av voksne elever uten rett til vidaregåande opplæring ved frittstående skoler etter

forskrift fastsatt med hjemmel i *friskolelova § 3-1 andre ledd fjerde punktum* og ved frittstående skoler som er godkjent for å drive særskilt opplæring for funksjonshemmede, jf. *friskolelova § 3-1 andre ledd andre punktum*.

## II

Lova tek til å gjelde straks.

---

## Forslag

### til lov om endringer i skattebetalingsloven

## I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vert det gjort følgjande endringar:

§ 8-1 nytt fjerde ledd skal lyde:

*(4) Fradrag i inntektsskatt for kildeskatt på renter og royalty mv. etter skatteloven §§ 16-70 og 16-71 skal for personlege skattytere fordeles forholdsmessig mellom staten, fylkeskommunen og kommunen på grunnlag av samlet fastsatt trinnskatt og fellesskatt til staten, inntektsskatt til fylkeskommunen, og inntektsskatt til kommunen. For upersonlege skattytere skal tilsvarende fradrag overføres til staten.*

Noverande fjerde og femte ledd vert femte og nytt sjetle ledd.

§ 8-2 fyrste ledd skal lyde:

(1) Skattefradrag etter skatteloven § 16-10 skal i sin helhet belastes staten. Fradrag som nevnt i § 8-1 tredje og fjerde ledd skal fordeles før fordeling av fradrag som nevnt i første punktum og fradrag som nevnt i annet ledd.

§ 16-12 opphevast.

## II

Lova tek til å gjelde straks.

---

## **Forslag**

### **til lov om endringer i merverdiavgiftsloven**

#### I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 2-1 sjette ledd tredje punktum skal lyde:  
Plikten til å være registrert ved representant gjelder likevel ikke avgiftssubjekter som er hjemmehørende i en EØS-stat *eller Storbritannia når staten* etter skatteavtale eller annen folkerettslig overenskomst med Norge skal utveksle opplysninger og bistå med innfordring av merverdiavgiftskrav.

§ 11-1 fjerde ledd andre punktum skal lyde:  
Representanten er likevel ikke ansvarlig for betaling av merverdiavgift dersom den næringsdrivende er hjemmehørende i en EØS-stat *eller Storbritannia når staten* etter skatteavtale eller annen folkerettslig overenskomst med Norge skal utveksle opplysninger og bistå med innfordring av merverdiavgiftskrav.

#### II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer.

---

## **Forslag**

### **til lov om endringer i skatteforvaltningsloven**

#### I

I lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning vert det gjort følgjande endringar:

§ 7-2 fyrste ledd bokstav b skal lyde:  
b) pensjon, uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12, uføreytelser fra andre ordninger, introduksjonsstønad etter integreringsloven, kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven, føderåd i jord- og skogbruk, livrente som ledd i pensjonsordning i arbeidsforhold, engangs-

og avløsningsbeløp for slike *ytelser, foreldrepenger, dagpenger under arbeidsløshet, sykepenger og lignende ytelser* som skal regnes som skattepliktig inntekt for mottakeren.

§ 11-2 fyrste ledd bokstav a skal lyde:  
a) aksjeselskap der det er truffet beslutning i medhold *av aksjeloven § 7-6*

#### II

Lova tek til å gjelde straks.

## Forslag til lov om endring i folkeregisterloven

### I

I lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering vert det gjort følgjande endring:

§ 9-1 andre ledd skal lyde:

Taushetsplikten omfatter ikke opplysninger om en persons fulle navn, fødselsdato, kjønn, fødsels- og d-nummer, grunnlaget for registrert identitet etter § 3-2, adresse, *kontaktopplysninger for*

*dødsbo*, fødested, statsborgerskap, sivilstand, vergemål, stadfestet fremtidsfullmakt og dødsdato, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som gjør at opplysningene må anses personlige. Det samme gjelder historiske opplysninger om navn og adresse.

### II

Lova tek til å gjelde straks.

---

## Forslag

### til lov om endringer i lov om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)

### I

I lov 26. mars 2020 nr. 13 om tilskudd ved avbrutt permittering (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet) vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 fyrste ledd skal lyde:

(1) Tilskuddsordningen gjelder for kalendermånedene juli, august, oktober, november og desember 2020 og for perioden 15. mars til *31. august 2021*.

§ 2 tredje ledd skal lyde:

(3) For 2021 kan arbeidsgivere søke om tilskudd for den enkelte ansatte for perioden 15. mars til *31. august*.

§ 5 fjerde ledd skal lyde:

(4) For å kunne få tilskudd for hele eller deler av perioden 15. mars til *31. august 2021* må den ansatte ha vært helt eller delvis permittert 5. mars 2021 og på en eller flere av datoene 15. november 2020, 1., 15., eller 31. desember 2020, eller

15. januar 2021. Støtten beregnes ut fra hvor lenge den ansatte har vært i arbeid i perioden. Enkeltpersonforetak og selskap må ha hatt et omsetningsfall på mer enn 15 prosent.

§ 5 sjuande ledd skal lyde:

(7) Departementet kan gi forskrift til utfylling av denne paragrafen og fastsette nærmere vilkår for tilskudd. Departementet kan herunder gi regler som begrenser arbeidsgivers adgang til å gjennomføre nye permitteringer, oppsigelser eller arbeidstidsreduksjoner i perioden 28. mai til 1. januar 2021 og 5. mars til *31. august 2021*.

§ 6A femte ledd bokstav c skal lyde:

c. hvor stor andel av perioden 15. mars til *31. august 2021* den ansatte har vært i arbeid, *begrenset oppad til 108 dager*.

### II

Lova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endring i lov om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020

#### I

I lov 18. desember 2020 nr. 156 om midlertidig tilskuddsordning for foretak med stort omsetningsfall etter august 2020 vert det gjort følgjande endring:

§ 6 skal lyde:

§ 6 *Tilskuddets størrelse*

(1) Tilskudd for september 2020 til og med juni 2021 beregnes ved at foretakets faste, uunngåelige kostnader multipliseres med foretakets omsetningsfall i prosent og en justeringsfaktor. Tilskudd for perioder etter juni 2021 beregnes ved at foretakets faste, uunngåelige kostnader multipliseres med en justeringsfaktor og foretakets omset-

*ningsfall i prosent fratrukket et nærmere fastsatt prosenttall.*

(2) Departementet gir forskrift til utfylling og gjennomføring av denne paragraf, herunder regler om beregningen av tilskuddet, *fastsettelse av prosenttall som nevnt i første ledd*, justeringsfaktoren, hvilke kostnader som omfattes, øvre grenser for tilskudd som kan gjelde for det enkelte foretak eller samlet for konsern, samt særskilte regler for konserninterne kostnader og omsetning.

#### II

Lova tek til å gjelde straks.

---

## Forslag

### til lov om endringer i lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven

#### I

I lov 21. desember 2020 nr. 164 om endringer i skatteloven vert det gjort følgjande endringar:

§ 10-80 andre ledd bokstav b skal lyde:

- b. *selskap eller innretning der alle deltakerne oppfyller vilkårene for å svare skatt for deltakelse i selskapet etter reglene i §§ 10-60 til 10-68,*

Noverande bokstav b til d vert bokstav c til ny bokstav e.

§ 10-81 andre ledd bokstav b skal lyde:

- b. *selskap eller innretning der alle deltakerne oppfyller vilkårene for å svare skatt for deltakelse i selskapet etter reglene i §§ 10-60 til 10-68,*

Noverande bokstav b til d vert bokstav c til ny bokstav e.

Ved ikrafttredelse av endringene under IV gjelder følgende overgangsregel:

*Selskap mv. regnes ikke som nærstående etter § 10-82 dersom kravet til eierskap eller kontroll verken er oppfylt på virkningstidspunktet for ikrafttredelse av reglene i §§ 10-80 til 10-82 for den aktuelle betalingen, eller på noe senere tidspunkt i inntektsåret 2021.*

#### II

Lova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven

#### I

I lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven skal romartal II lyde:

Loven trer i kraft 1. januar 2021. Loven gjelder bare for alternativ behandling i form av *akupunk-*

*tur, osteopati og naprapati som omsettes eller formidles fra og med 1. januar 2022.*

#### II

Lova tek til å gjelde straks.

## **B – Forslag til stortingsvedtak**

### **Forslag**

### **til vedtak om endring i Stortingets vedtak om merverdiavgift**

#### I

Stortingets vedtak 15. desember 2020 nr. 2883 om merverdiavgift for budsjettåret 2021 (kap. 5521 post 70) romartal II skal lyde:

Fra 1. oktober 2021 gjøres følgende endring:

§ 4 skal lyde:

§ 4 *Redusert sats med 12 pst.*

Merverdiavgift svares med 12 pst. av omsetning og uttak av tjenester som gjelder:

- a) persontransport mv. som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-3,
- b) transport av kjøretøy på fartøy som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-4,

- c) utleie av rom i hotellvirksomhet mv. som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-5,
- d) rett til å overvære kinoforestillinger som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-6,
- e) kringkastingstjenester som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-7,
- f) adgang til utstillinger i museer mv. som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-9,
- g) adgang til fornøylesparker mv. som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-10,
- h) rett til å overvære idrettsarrangementer mv. som nevnt i merverdiavgiftsloven § 5-11.

#### II

Vedtaket tek til å gjelde straks.

---

## Forslag

### til vedtak om endring i Stortingets vedtak om avgift på tobakksvarer mv.

#### I

I Stortingets vedtak 15. desember 2020 om avgift på tobakksvarer mv. for budsjettåret 2021 (kap. 5531 post 70) vert det gjort følgjande endring:

§ 1 første ledd skal lyde:

Fra *1. juli* 2021 skal det i henhold til lov til statskassen ved innførsel og innenlandsk produksjon av følgjande varer med følgjande beløp:  
19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter betales avgift

Produkt	Kr	
Sigarer	2,77	per gram av pakningens nettovekt
Sigaretter	2,77	per stk.
Røyketobakk, karvet skråtobakk, råtobakk i forbrukerpakning	2,77	per gram av pakningens nettovekt
Skråtobakk	1,13	per gram av pakningens nettovekt
Snus	0,85	per gram av pakningens nettovekt
Sigarettpapir og sigarettluser	0,0424	per stk.
<i>E-væske med nikotin</i>	<i>4,50</i>	<i>per milliliter</i>
<i>Andre nikotinvarer</i>	<i>0,425</i>	<i>per gram av pakningens nettovekt</i>

#### II

Vedtaket tek til å gjelde 1. juli 2021.

## Forslag

### til vedtak om avgift på viltlevende marine ressurser

§ 1 Fra 1. juli 2021 skal det i henhold til lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter betales avgift til statskassen ved førstehåndsomsetning av viltlevende marine ressurser høstet av norskregistrert fartøy. Avgift skal betales med 0,42 pst. av avgiftsgrunnlaget. Avgiftsgrunnlaget er brutto salgsbeløp minus den avgift som skal betales til fiskesalagslaget etter fiskesalagslova.

Departementet kan gi forskrift om hva som omfattes av avgiftsplikten, og om grunnlaget for avgiften.

§ 2 Det gis fritak for avgift på viltlevende marine ressurser som leveres


- a) til diplomater,
- b) til NATO og styrker fra land som deltar i Partnerskap for fred,

- c) til Den nordiske investeringsbanken,
- d) vederlagsfritt til mottaker for utdeling på veddedig grunnlag.

Departementet kan gi forskrift om gjennomføring, avgrensing av og vilkår for fritak.

§ 3 Oppstår det tvil om omfanget av avgiftsplikten, avgjøres spørsmålet av departementet.

§ 4 Departementet kan frita for eller sette ned avgiften når det oppstår enkelttilfeller eller situasjoner som ikke var overveid da avgiftsvedtaket ble truffet og når avgiften i det spesielle enkelttilfellet får en utilsiktet virkning.





Bestilling av publikasjoner

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: Departementenes sikkerhets- og  
serviceorganisasjon – 05/2021

